

ÅRSMELDING 2009





«En fantastisk god digital fortelling»
- Bjarne Nærum



«Denne fortellingen er utrolig interessant...»
- Anonym



«Enig - Bobby er bra!...»
- Anonym



**B
IS
TO**

Se fortellin

Mål for verksemda

ABM-utvikling sitt måldokument er vedteke av styret og byggjer på dei styringssignala som er gjevne i tildelingsbrev frå Kultur- og kyrkjedepartementet, stortingsmeldingar og styringssignal som handsamar relevante saker for arkiv, bibliotek og museum.

VERDIGRUNNLAG ABM-utvikling byggjer verksemda på ytringsfridom, mangfald, dialog og toleranse.

VISJON Kunnskap og opplevingar for alle.

HOVUDMÅL Arkiv, bibliotek og museum skal vere aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar, med vekt på nytenking, kritisk refleksjon og skapande innsikt.

T PRESENTERER, - EN FORTELLING AV PER OLAV TORGNESKAR

BOBBY S IN OWN

gen på <http://www.digitaltfortalt.no>

Innhold

Mål for verksemda	s. 2
ABM-utvikling i 2009	s. 4
ABM-sektoren i tal	s. 6
ABM-utvikling i tal	s. 8
Møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling	s. 10
Digitale tenester og digitalt innhald	s. 16
Utdanning, forskning og livslang læring	s. 24
Prioritering, forvaltning og sikring av samlingar	s. 28
Institusjons- og nettverksbygging	s. 32
Organisering	s. 38
Kurs og konferansar	s. 40
Kommunikasjon	s. 44
Tildeling av prosjektmidlar	s. 47
Tildeling til delegerte tiltak	s. 52

PRIORITERTE INNSATSOMRÅDE 2009–2014

- Møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling
- Digitale tenester og digitalt innhald
- Utdanning, forskning og livslang læring
- Prioritering, forvaltning og sikring av samlingar
- Institusjons- og nettverksbygging

ABM
-utvikling

ABM-UTVIKLING
POSTBOKS 8145 DEP
N-0033 OSLO
TELEFON: 23 11 75 00
TELEFAKS: 23 11 75 01
POST@ABM-UTVIKLING.NO
WWW.ABM-UTVIKLING.NO
DESIGN: WWW.MELKEVEIEN.NO
TRYKK: O7-GRUPPEN
ISBN 978-82-8105-081-5
ABM-UTVIKLING 2010

ILLUSTRASJONANE I ÅRSMELDINGA
ER LAGA AV STEIN SØRLIE.
MONTASJANE ER LAGA PÅ GRUNNLAG
AV FORTELJINGAR I
WWW.DIGITALTFORTALT.NO
ILL. FRAMSIDE OG SIDE 30: MEHAMN-
OPPRØRET. FOTO: KYSTMUSEENE,
AVD. GAMVIK MUSEUM
ILL. SIDE 25: ARBEIDERNE PÅ
TEATERET. FOTO: BYARKIVET
I BERGEN



ABM-utvikling i 2009

Omsynet til brukarane og moglegheitene digitaliseringa gav var hovudårsaka til at ABM-utvikling vart oppretta i 2003. Arkiv, bibliotek og museum tok vare på mange former for kunnskapskjelder og informasjon, men organiseringa var lite brukarvenleg. Skulle ein finne opplysningar om eit tema ein var interessert i, måtte ein leite seg gjennom samlingane til både arkiv, bibliotek og museum. I ei tid der digitalisering vart meir aktuelt, såg ein store moglegheiter for ei betre organisering.

Den årlege utdelinga av prosjektmidlar er eit sentralt verkemiddel for å stimulere abm-sektoren og institusjonane til å bli nyskapande og samfunnsaktuelle, og til å inngå i eit tettare samarbeid som styrkjer kvarande, gjev overføringsverdiar og utviklar gode tenester for publikum. I 2009 kom det inn 318 søknader om i overkant av 110 millionar kroner. 79 institusjonar fekk tilsegn om til saman 22,3 millionar kroner. Søknadene fordelte seg på områda læring, kunnskaps- og kulturformidling, utvikling av digitale tenester og tilskot til nytenking innanfor organisasjons- og nettverksbygging.

Det vart også gjeve tilsegn om 7,1 millionar kroner til sikringstiltak ved norske museum og 0,7 millionar kroner til videobøker på teiknspråk.

Nye satsingar i 2009

2009 var regjeringa sitt offisielle kulturminneår.

Det viktigaste bidraget frå ABM-utvikling til markeringa har vore Digitaltfortalt.no.

Digitaltfortalt.no inneheld forteljingar knytte til kulturminne frå heile landet. Eit viktig element er å styrkje den digitale kompetansen i abm-institusjonane og auke bruken av digital formidling og bruk av sosiale medium i dialog med brukarane. Det vart halde opplæring med formidlarar i alle fylka i landet. Mot slutten av kulturminneåret passerte Digitalt fortalt 1001 unike forteljingar, og 100 000 hadde besøkt den nye formidlingskanalen i løpet av året.

Slepp samlingane fri – slepp brukarane til var temaet for ABM-konferansen i oktober 2009. Dette var utan tvil noko som opptok mange i abm-sektoren, og ABM-konferansen sette ny deltakarrekord.

Speldagen vart arrangert for første gong 14. november. Spel inngår som ein naturleg del i utviklinga av biblioteka som multimediahus, og 51 bibliotek melde seg på dagen. Arrangementet er ei oppfølging av stortingsmelding nr. 14 2008 om dataspel og nr. 23 2009 om bibliotek.

Stortingsmeldingane

Brukarperspektivet og digitalisering var eit viktig gjennomgangstema i tre stortingsmeldingar om museum, digitalisering og bibliotek som kom i 2009. Mykje av arbeidet i ABM-utvikling det siste året har handla om å vere rådgjevar og innhaldsleverandør for meldingane.

Meldingane seier at:

- Samlingane skal digitaliserast og gjerast tilgjengelege
- Den digitale formidlinga skal styrkjast og fornyast
- Dei digitale tenestene skal invitere brukarane til dialog og medverknad

Bibliotekmeldinga vart lagd fram i april 2009. Regjeringas føremål med meldinga er å utvikle robuste og omstillingsdyktige bibliotek som kan tilby innbyggjarane betre bibliotektenester. Meldinga inneheld tiltak som kan styrkje samspel og samarbeid, fremje biblioteka som møtestader og arenaer for kultur, lesing og læring. Meldinga varsla at 2010 skal vere eit leseår og starten på eit nasjonalt leselyft fram mot 2014.

I meldinga varslar Kulturdepartementet at dei i samråd med relevante departement og styret for ABM-utvikling vil vurdere om det kan vere tenleg med ei nærare samordning eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling – eventuelt om det kan vere ei løysing å overføre bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket.

Digitaliseringsmeldinga vart lagd fram samtidig med bibliotekmeldinga. Føremålet i meldinga er å sikre samlingane i arkiv, bibliotek og museum for komande generasjonar. Målsetjinga er å gje best mogeleg tilgang til kultur- og kunnskapsressursane. Meldinga gjer også greie for ein nasjonal strategi som omfattar langtidslagring av digitalt materiale, ei felles søkjeteneste for arkiv, bibliotek og museum, digitale formidlingstenester og tiltak for å samordne digitaliseringsverksemda. Meldinga seier

at ABM-utvikling skal koordinere og leggje til rette oppgåver for musea og privatarkiva utanfor Arkivverket, men pålegg inga direkte operativ oppgåve i digitaliseringssamanheng.

Museumsmeldinga vart lagd fram i august 2009 og gjev ein statusrapport av museumsreforma og det nasjonale museumsnettverket. Meldinga legg vekt på å styrkje den faglege profilen ved musea på ei rekkje område, med utvikling av den samfunnsrolla musea har. Museumsmeldinga gjer greie for dei digitale utfordringane og framtidsutsiktene som knyter seg til det samla materialet i musea og til arbeidet med privatarkiv utanfor Arkivverket. Dette spenner frå planarbeid, utval og prioritering til arbeid med standardar, digitalisering, tilgjengelegging, formidling og dialog med brukarane. Meldinga legg opp til eit kompetanseutviklingsprogram for musea. Dette skal administrerast og utviklast av ABM-utvikling i samarbeid med musea og relevante institusjonar. Dei faglege museumsnettverka vil vere viktige verktøy for å nå måla.

Dei tre stortingsmeldingane legg sterk vekt på at abm-statistikken for første gong omfattar heile abm-feltet, og at det skal utviklast eit samla grep når det gjeld kartleggingar og analysar av abm-feltet. Eit anna viktig arbeid blir å utvikle ulike former for indikatorar for kva som konstituerer god tenesteutøving i arkiv, bibliotek og museum.

Oslo, 17.2.2010

KARI GJESTEBY
styreleiar

STEIN SLYNGSTAD
direktør

ABM-sektoren i tal

ABM-utvikling samlar inn, analyserer og publiserer årleg statistikk for bibliotek, museum og arkiv.

I overkant av 3 800 institusjonar sendte inn statistikkjema for 2008 til ABM-utvikling. Desse har rapportert for meir enn 4 800 einingar eller sørvisstadar. Data frå folke- og skulebibliotek og arkiv vart handsama internt i ABM-utvikling, medan data frå fag- og forskingsbibliotek og museum vart handsama av Statistisk sentralbyrå (www.ssb.no).

Arkivstatistikken for 2007 var ein pilot der det vart rapport data frå 33 arkivinstitusjonar. Dette var dei største og viktigaste arkivinstitusjonane i Noreg. Arkivstatistikken for 2008 er den fyrste landsdekkjande statistikken og omfattar i alt 138 institusjonar som bevarer arkiv. Desse er både reine arkivfaglege institusjonar, museum og eit utval av andre. Arkivstatistikken for 2009 skal utvidast til å omfatte biblioteka, og vil med det dekkje alle institusjonar som arbeider med bevaring og tilgjengeleggjering av arkiv.

I museumsstatistikken er talet på museum redusert i høve til tidlegare år. Statistikken for 2008 femner dei 166 musea som heldt ope, og som hadde minst eitt fast årsverk.

ABM-institusjonane, skulebiblioteka unnateke,

hadde til saman om lag 40 millionar besøk i 2008, og brukte 6,35 milliardar kroner til verksemda. I desse arkiva, biblioteka og musea og blei det utført om lag 7 700 løna årsverk, og i musea blei det i tillegg utført om lag 200 årsverk av frivillige. Desse tala femner store skilnader mellom institusjonane, som har frå mindre enn eit, til fleire hundre årsverk.

Institusjonane driv og i stor grad verksemd retta mot skulen, og i 2008 var det 976 000 som deltok i organisert undervisning ved musea. 40 prosent av desse besøka var i tilknytning til aktivitetar i Den kulturelle skulesekken. Satsinga på opplæring er ikkje avgrensa til aktivitetar som krev at ein kjem til musea, og 28 prosent av musea hadde internettbaserte pedagogiske opplegg for barn og unge.

Medan folkebiblioteka er i startgropa når det gjeld bruk av andre medium enn dei fysiske, så hadde fag- og forskingsbiblioteka 1,15 millionar e-bøker, nær 480 000 elektroniske tidsskrift og 480 000 digitale audiovisuelle dokument i 2008. Utlånet av fysiske medium i biblioteka var på meir enn 29 millionar, og 84 prosent av dette var utlån i folkebiblioteksektoren.

Biblioteka er ikkje berre stader for tilgang til media, folkebiblioteka gjennomførde om lag 8 000 arrangement i løpet av 2008. Dette er i gjennomsnitt ti arrangement per avdeling. I dei fem største kommunane, var talet meir en 40 arrangement per avdeling.

Dei 138 arkivinstusjonane som rapporterte statistikk for 2008 hadde 374 000 hyllemeter med fysisk arkivmateriale, men dei er i gang med å bevare digitale dokument og innhald frå databasar som vert nytta til å skape arkiv. I 2008 tok institusjonane imot i alt 13 000 hyllemeter, samt 1 206 uttrekk av data frå ulike fagsystem. I dette var 73 000 hyllemeter arkiv frå privat samfunnssektor (bedrifter, organisasjonar og personar). Det er per 2008 gjort 10 millionar digitale opptak, det vil seie overføring får analoge til digitale format (ei eller fleire dokument-sider i eit «opptak»). Arkivverket sto for 98 prosent av opptaka. Arkivinstusjonane sakshandsama noko over 52 000 førespurnader om innsyn i og bruk av arkiv. Informasjon om arkiv og tilgjengeleggjering via internett vert stadig viktigare for institusjonane.

INSTITUSJONAR

Folkebibliotek	799 faste bibliotekavdelingar
Fag- og forskingsbibliotek	327 sørvisstadar
Museum	166 museum
Arkiv	138 institusjonar som bevarer arkiv

BESØK

Folkebibliotek	22 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	7,8 millionar
Museum	10,2 millionar
Arkiv	63 000

TAL PÅ UTSTILLINGAR

Museum	2 881
--------	-------

STORLEIK PÅ SAMLINGANE

Folkebibliotek	21,7 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	33,1 millionar
Museum	43,5 millionar
Arkiv	374 000 hyllemeter

LØNA ÅRSVERK

Folkebibliotek	1831
Fag- og forskingsbibliotek	1566
Museum	3639
Arkiv	506

LØNSUTGIFTER

Folkebibliotek	834 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	664 millionar
Museum	1 648 millionar
Arkiv	213 millionar

INNKJØP TIL SAMLINGANE

Folkebibliotek	142,9 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	360,1 millionar

UTLÅN

Folkebibliotek	24,5 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	4,1 millionar (6,2 millionar nedlastingar av elektroniske dokument kjem i tillegg)

ABM-utvikling i tal

I 2009 forvalta ABM-utvikling ei samla økonomisk ramme på 215,8 mill. kr. Til drift av institusjonen var kostnadene til saman 67,4 mill. Av desse midlane vart 9,1 mill. nytta til intern- og samarbeidsprosjekt. Til eksterne prosjekt vart det kostnadsført 26,9 mill. og til oppdragsverksemd (konsortieavtalar) 38,9 mill. I tillegg vart det nytta 2,6 mill. til Leseåret 2010 og 77,6 mill. til faste tilskotsordningar. Den kulturelle skulesekken disponerte 2,4 mill. av spelemidlane til eksterne prosjekt.

BUDSJETT TIL DRIFT, PROSJEKT- OG UTVIKLINGSTILTAK:

Prosjekttiltak	36,0 mill. kr
Løn	37,9 mill. kr
Lokale	8,1 mill. kr
Reiser og konferansar	4,2 mill. kr
Konsulenttenester	3,0 mill. kr
Trykkjekostnader	1,0 mill. kr
IT-utstyr, inventar	0,8 mill. kr
Porto	0,5 mill. kr
Kunngjeringar	0,4 mill. kr
Telefon	0,2 mill. kr
Andre kostnader	2,2 mill. kr
Tilskot til leseåret 2010	2,6 mill. kr
Faste tilskotsordningar	77,6 mill. kr
Spelemidlar til	
Den kulturelle skulesekken	2,4 mill. kr

OPPDRAKSVERKSEMD:

Konsortieavtalar	38,9 mill. kr
Sum	215,8 mill. kr

FORDELING PROSJEKTTILTAK

Prosjekt for heile abm-sektoren	9,6 mill. kr
Prosjekt for arkivsektoren	5,8 mill. kr
Prosjekt for arkiv- og museumssektoren	0,8 mill. kr
Prosjekt for biblioteksektoren	7,7 mill. kr
Prosjekt for museumssektoren	12,1 mill. kr

I tillegg vart det nytta 2,6 mill. kr til Leseåret 2010.


FORDELING AV KOSTNADER

Av den totale økonomiske ramma vart 27 % nytta til løn og andre driftskostnader og 73 % til prosjektmidlar, faste tilskot og oppdragsverksemd.


TILSETTE I ABM-UTVIKLING

Ved utgangen av 2009 hadde ABM-utvikling 70 tilsette. Av desse var 65 fast tilsette og 5 mellombels tilsette i vikariat eller knytte til prosjektarbeid.

Fordeling av prosjektmidler



Fordeling av kostnader



Møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling

Mål Publikum skal møte ei vitalisert formidling med utfordrande dialogar i fysiske og digitale rom.

Brukarundersøkingar

EVALUERING AV ABM-KONFERANSEN 2009

I etterkant av ABM-konferansen vart det sendt ut ei undersøking til deltakarane. 119 svarte, noko som gjev ein svarprosent på ca. 30. Respondentane svarte at dei hadde godt fagleg utbyte av konferansen, i snitt ein score på 4,3 der beste score var 6. Heile 88 prosent av respondentane svarer frå 4 til 6 på om dei kjem til å delta på ABM-konferansen neste år.

EVALUERING AV ABM-UTVIKLINGS NETTSIDER

Det vart gjennomført ei undersøking om ABM-utviklings nettsider våren 2009. Til saman kom det inn 144 svar.

Nasjonalkomiteen for Kulturminnedagen

Kulturminnedagen er ein del av European Heritage Days. Ein nasjonal komité oppnemnd av Miljøverndepartementet har ansvaret for den årlege markeringa i Noreg. ABM-utvikling har ein representant i denne komiteen. Temaet for Kulturminnedagen i september var «Vann og dagliglivets kulturmin-

ner». Det vart meldt inn 95 arrangement, med eit totalbesøk på 17 000.

Speldag

2009 var det første året speldagen vart arrangert, og responsen var god. 51 bibliotek melde seg på dagen som vart arrangert 14. november. Spel inngår som ein naturleg del i utviklinga av biblioteka som multimediahus. Speldagarrangementet er ei oppfølging av stortingsmelding nr.14 2008 om dataspel og nr. 23 Bibliotek. Speldag 2009 var eit samarbeid mellom ABM-utvikling, Stavanger bibliotek, Drammensbiblioteket, Norges informasjonsteknologiske høgskole og Hyperion.

Psykiatrihistorie

Dette prosjektet skal kartleggje psykiatrihistoriske samlingar, museum og arkiv i samarbeid med Nasjonalt medisinsk museum og Nettverket for medisinsk historie. Det skal vurdere tiltak som bør setjast i gang slik at psykiatrihistoria blir dokumentert og formidla

profesjonelt. I 2009 har prosjektgruppa besøkt 10 museum og samlingar og vore på studietur til Amsterdam. Prosjektrapporten blir ferdig hausten 2010.

Immateriell kulturarv

ABM-utvikling starta opp med eit utgreiingsarbeid om immateriell kulturarv i 2009. Kulturdepartementet bad i tildelingsbrevet om ei kartlegging av aktuelle fagmiljø og kulturarvsområde som blir dekte av Unesco-konvensjonen om immateriell kulturarv. Utgreiinga skal kartleggje kva som faktisk finst av registreringar og dokumentasjon. I tillegg skal ho definere udekte felt og immateriell kulturarv med særleg vernebehov.

Arkivdagen 2009

Arkivdagen 2009 vart markert 14. november. ABM-utvikling hadde koordineringsansvaret for Arkivdagen og hadde hyppig kontakt med institusjonane. Det vart laga felles nettsider, brosjyre og pressemeldingar. Tema for Arkivdagen 2009 var dagleglivets kulturminne. Frå Farsund til Lakselv gjekk 42 arkivinstitusjonar, museum og foreiningar saman om å lage 24 arrangement. Dette er ny rekord i norsk samanheng. Arkivdagen gjer arkivsektoren meir synleg, aukar fokus på formidlingsarbeid i dei enskilde institusjonane og aukar samarbeid institusjonane imellom. Nettsidene er med på å gjere institusjonane meir medvitne på kvarandre sine måtar å nå ut på. Arkivdagen er også med på å styrkje kontakten ABM-utvikling har med institusjonane.

ABM Hot Spot

ABM Hot Spot er ei satsing der arkiv, bibliotek og museum skal setje fokus på aktuelle samtidsspørsmål. I ein Hot Spot blir budskapet og vinklinga spissa, og målet er å skape engasjement og debatt. Metoden skal hjelpe institusjonane til å bli meir samfunnsaktuelle og betre i stand til å delta i den offentlege debatten.

I 2009 vart det halde ei todagars samling i prosjektet, og deltakarinstitusjonane har gjennomført fem Hot Spotar. I oktober arrangerte Museumsforbundet i samarbeid med ABM-utvikling kurset «Some like it hot» i Hot spot-metodikk. Kurset gjekk over to dagar og hadde 22 deltakarar. Også museum utanfor ABM Hot Spot-prosjektet har i 2009 begynt å ta i bruk Hot spot-metodikken. For eksempel laga Akershusmuseet Hot spoten «Svineinfluaensaen – hysteri eller alvor?» i desember.

Lesefrø

Lesefrø er eit toårig samarbeidsprosjekt initiert av ABM-utvikling og Lesesenteret i Stavanger. Målet er å leggje til rette for språkstimulering ved å tilby litteratur og leseaktivitetar til barnehagar. Alle barna får tilbod, men det blir spesielt fokusert på aktivitetar som kan gagne minoritetspråklege barn. To samarbeidskommunar er med i Lesefrø: Oslo (med to barnehagar og Deichmanske bibliotek, Holmlia filial og Det fleirspråklige bibliotek – DFB) og Kristiansand (med to barnehagar og folkebiblioteket). Prosjektet går over to år med oppstart i september 2008. Lesefrø er ei vidareføring av prosjektet Boktras.

Biblioteket som læringsarena for digital kompetanse

I det digitale informasjonssamfunnet blir det forventet at alle er på nett. Men ei stor gruppe fell utanfor. Rapporten *Borger og brukar* (2008) frå Vox hevdar at over ein fjerdedel av befolkninga ikkje beherskar dagens digitale teknologi. I 2008 fekk biblioteka i Arendal, Drammen, Lillehammer og Trondheim 450.000 kroner på deling for å utvikle seg som læringsarenaer for digital kompetanse. Biblioteka har arrangert kurs og rettleiing i 2009 og prøvd ut samarbeid mellom anna med frivillige hjelpesentralar, Seniornett og innvandrargrupper. Prosjektet har hatt ein eigen blogg (<http://digikombi.biblioteknett.no/>). Erfaringane frå dei fire biblioteka vil bli oppsummerte av ABM-utvikling i ein rapport til Fornyings- og administrasjonsdepartementet, som har støtta prosjektet.

Fengselsbibliotek

Auken i tildelinga i 2009 gjorde det mogleg å gje eit bibliotektilbod, finansiert over statsbudsjettet, til alle soningsplassane som har behov for dette. Ein reknar med at desse tilboda vil vere i ordinær drift i løpet av 2010. Auken i tildelinga for 2010 gjer det og mogleg å opprette fengselsbibliotek ved Halden fengsel når det oppnar i 2010.

BRUDD

BRUDD er eit museumsprosjekt om marginaliserte historier og kritisk formidling. Poenget er å gjere musea meir aktuelle og aktive, reflekterte og kritiske. I prosjektet møtest 10–12 museum og ABM-utvikling

for å diskutere idear, prosessar og formidlingstiltak. ABM-utvikling er ein pådrivar og ein diskusjonspartner som skal vere med på å gje institusjonane mot til å våge. I 2009 starta arbeidet med ein erfaringsrapport om BRUDD. Denne blir ferdig våren 2010. Det vart og halde ei samling og arrangert eit kurs i Digitalt fortalt.

Medverknad

Retten til medverknad er eit viktig prinsipp for å inkludere ulike grupper i samfunnet. Bruk av aktiv medverknad kan sikre at ulike målgrupper får eit eigarforhold til institusjonen eller stoffet institusjonen jobbar med. I abm-samanheng gjeld dette hovudsakleg to typar grupper:

- den gruppa formidlinga/dokumentasjonen gjeld og
- ulike målgrupper med eller utan tilknytning til museet, arkivet og biblioteket.

I 2009 hadde medverknadsgruppa møte med ulike arkiv og museum i London som jobbar aktivt med medverknad. ABM-utvikling deltok òg med innlegg på ein medverknadskonferanse i London i regi av the Museum Ethnographers Group.

Samarbeid med høgskolen i Oslo om programmet Museumsformidling

ABM-utvikling har samarbeidd med Høgskolen i Oslo om opplegg og gjennomføring av kurs under programmet Museumsformidling, og fleire av dei tilsette har undervist i desse kursa.

Våren 2009 vart det halde kurs med tema *Museum, samling og formidling* der studentane med utgangspunkt i relevant teori skulle tileigne seg kunn-

skap om korleis formidling og samlingsforvaltning kan bli sett på som gjensidig avhengige sider ved museumsverksemda.

Hausten 2009 vart det halde kurs med tema *Digital formidling i museum*. Her var målet å gje studentane ei generell forståing av den verdien digitaliseringa har for musea og dei som bruker musea, og dessutan gje studentane kjennskap til grunnleggjande metodar for digitalisering av enkeltgjenstandar og til standardar for omtale, lagring og gjenfinning av digitale objekt. Det vart lagt særleg vekt på å studere og gje opplæring i praktiske ferdigheiter i digital formidling av enkeltobjekt og samlingar og i brukarretta utvikling av musea si digitale formidling.

Vitensenterprogrammet

Midlane frå Kunnskapsdepartementet til utvikling av regionale vitensenter blir forvalta av Forskingsrådet ved Vitensenterstyret. Vitensenterstyret er oppnemnt av Forskingsrådet i samarbeid med ABM-utvikling. ABM-utvikling har hatt sekretariatsansvaret for Vitensentera. Programmet hadde i 2009 eit budsjett på om lag 18,6 millionar kroner. Desse vart brukte til drift av sju vitensenter. Både Forskingsrådet og ABM-utvikling bidreg med administrative ressursar til programmet. I 2009 bidrog ABM-utvikling òg til å arrangere ein statuskonferanse om vitensentersatsinga i samarbeid med Forskingsrådet og Kunnskapsdepartementet.

Kulturminneåret 2009

ABM-utvikling har vore medlem av den nasjonale koordineringsgruppa for Kulturminneåret saman

med Norges kulturvernforbund, Riksantikvaren, Kommunenes sentralforbund og Norges Museumsforbund. Koordineringsgruppa har hatt ansvar for å utvikle og gjennomføre strategi for Kulturminneåret, følge opp tiltak og koordinere den offentlege og den frivillige innsatsen på lokalt, regionalt og nasjonalt plan. I tillegg hadde koordineringsgruppa ansvar for dei tre nasjonale konferansane i Kulturminneåret, i Trondheim, Kristiansand og Tromsø.

Digitalt fortalt

ABM-utviklings viktigaste bidrag til markeringa av Kulturminneåret 2009 har vore *Digitalt fortalt*. Lanseringa av første versjon føregjekk på opninga av Kulturminneåret i februar 2009, med kulturminister Trond Giskes eiga forteljing. *Digitalt fortalt* er personlege forteljingar knytte til kulturminne frå heile landet. Ein er ute etter personlege forteljingar som er spanande, uvanlege, oppsiktsvekkjande, engasjerande, vanskelege, morosame eller avslørande. Digitalt fortalt skal utviklast vidare etter 2009, og er eit viktig element i arbeidet med å styrkje den digitale kompetansen i abm-institusjonane. Auka vekt på digital formidling og bruk av sosiale media i dialog med brukarane er viktige stikkord for det vidare arbeidet med Digitalt Fortalt.

Ved utgangen av 2009 hadde 175 institusjonar lagt inn forteljingar, og databasen hadde til saman 1174 forteljingar, av dette 273 multimediale. Nettstaden hadde kring 100.000 besøk i 2009 (50.000 unike brukarar). Forteljingane hadde generert 642 kommentarar. I løpet av 2009 har ABM-utvikling arrangert 23 todagarskurs i Digitalt fortalt for til

saman kring 400 personar i abm-institusjonar kring i landet. Fylkeskommunane og dei regionale kulturnetta var sentrale i gjennomføringa av kursa. Data frå Digitalt fortalt er og hausta inn i Europeana Local, og eit utval er levert til Europeana.

12 abm-institusjonar fekk rundt 1,5 millionar kroner i prosjektstøtte i 2009. Støtta gjekk til prosjekt der forteljingane som vart lagde inn på Digitalt fortalt, inngår i eit større prosjekt. Noregs Museumsforbund fekk 400 000 kroner til prosjektet «Kulturminner forteller». Dette var deira satsing i Kulturminneåret 2009.

Universell utforming

ABM-utvikling arbeider for å betre tilkomsten for alle i våre sektorar. Dette skjer gjennom støtte og gjennomføring av konferansar, nettverksbygging og arbeid for universell utforming av IKT-løysingar. I 2009 har ABM-utvikling gjeve ut ei rettleiing i tilgjengearbeid for arkiv. ABM-skrift #54: «Se på – ta på – høre på; Om tilgjengelighet og formidling ; Erfaringer fra Bergen byarkiv».

Sekretariatet for Den kulturelle skolesekken

Den kulturelle skolesekken er no utvida til vidaregåande opplæring, og 132 000 elevar i vidaregåande skolar har nytt godt av ordninga i 2009. Dekningsgraden i grunnskolane er 98 prosent. Rapportane frå fylkeskommunane og kommunane viser at Den kulturelle skolesekken har eit publikumstal på over 2,9 millionar årleg. Fylkeskommunane stod for over 29 000 enkeltarrangement årleg i grunnskolen og 1164 i vidaregåande skole. Vi ventar full utbygging i vidaregåande skole i 2011.

Sekretariatet for Den kulturelle skolesekken har det daglege ansvaret for arbeidet med Den kulturelle skolesekken på sentralt nivå. Sekretariatet arbeider vesentleg med forvaltingsoppgåver knytte til spelemidlane (167 millionar kroner årleg); informasjonsarbeid til forskjellige miljø, mellom anna utstrekt foredragsverksemd og nettbasert informasjon, arrangement av nettverksmøte og referansegruppemøte, og anna nettverksarbeid og møteverksemd. Sekretariatet har to tilsette.

Sekretariatet er ansvarleg for å hente inn rapportar frå alle som mottok spelemidlar til Den kulturelle skolesekken. Sekretariatet har i 2009 fått utvikla eit nettbasert rapporteringssystem for kommunane. Dermed har både fylkeskommunane og kommunane eit nettbasert system for rapportering på Den kulturelle skolesekken i grunnskolen.

Sekretariatet har utarbeidd ein prosjektomtale for utlysning av eit treårig forskingsprogram. Rokan-senteret er valt til å gjennomføre forskingsinnsatsen. 5,4 millionar av spelemidlane fordelte på fire år er avsette til oppdraget.

Det vart arrangert to nettverksmøte for kontaktpersonane i fylkeskommunane, eit i Hamar i mars og eit i Fredrikstad i oktober. I tilknytning til Hamar-møtet var det fagdagar som var opne for alle, og som også omfatta utdeling av Gullsekken. Gullsekken er Den kulturelle skolesekkens eigen pris, og blir gjeven årleg til beste produksjon og beste skole i Den kulturelle skolesekken.

Sekretariatet har delteke aktivt i eit nordisk nettverk for statlege aktørar som arbeider innanfor feltet kunst, kultur og skole, og sekretariatet har også

presentert Den kulturelle skolesekken ved konferansar i England, Irland, Sverige, Finland og Polen. Saman med ABM-utvikling og Norsk scenekunstabruk var sekretariatet i Kairo for å sondere utsiktene for eit pilotprosjekt med ein kulturell skolesekk i Egypt.

Kulturelt mangfald

ABM-utvikling har heilt sidan oppstarten i 2003 hatt kulturelt mangfald som eit viktig innsatsområde.

Også i 2009 var det sterkt fokus på mangfald. Det vart framheva som eit satsingsområde i utlysingsteksten til prosjektmidlane, og mange av prosjekta som ABM-utvikling støtta i 2009, hadde kulturelt mangfald som tema. ABM-utvikling har eit tverrsektorielt team for minoritetar og kulturelt mangfald.

Mandatet for teamet er:

- Vidareføre arbeidet med minoritetar og kulturelt mangfald.
- Følgje opp politiske signal og satsingsområde som er relevante for abm-feltet.
- Vere ei fagleg ressursgruppe med relevant kompetanse i spørsmål om minoritetar og kulturelt mangfald i ABM-utvikling og i abm-sektoren.
- Bidra til å synleggjere mangfalddimensjonen på abm-feltet.

I 2009 kom stortingsmeldingane om bibliotek og museum som begge fokuserer på minoritetar og kulturelt mangfald som sentrale og viktige felt for abm-institusjonane. Teamet har levert innspel til begge meldingane.

Teamet deltar i ABM-utviklings interne arbeidsgruppe om UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven. I St.prp. 73:7 heiter det mellom anna at det er «særskilt viktig å fokusere på urfolk og nasjonale minoriteter i Norge ved vurderingen av om Norge oppfyller konvensjonens krav.»

Teamet deltek også i ABM-utviklings Medverknadsprosjekt, eit tverrsektorelt prosjekt med fokus på minoritetar og kulturelt mangfald, barn og unge.

Mangfaldsteamet deltek i dei nasjonale nettverka:

- Fleirkulturelt biblioteknettverk som blir drive av Det flerspråklige biblioteket. Ca. 40 folke- og fylkesbibliotek deltek i nettverket.
- Museumsnettverket for minoritetar og kulturelt mangfald som blir drive av Oslo museum.
- Vel 20 museum deltek.
- Samisk museumsnettverk som blir drive av RidduDuottarMuseat. Ca. 15 museum deltek.

Teamet samarbeider med relevante institusjonar og organisasjonar i forhold til ulike satsingsområde og/eller prosjekt, deltek i ulike referansegrupper, held innlegg på konferansar og seminar osv.

Digitale tenester og digitalt innhald

Mål Brukarane skal ha enkel tilgang til digitalt innhald og gode digitale tenester frå

alle abm-institusjonar.

Digitalisering og formidling av kommunalt arkivtilfang

Arbeidsgruppa for digitalisering og formidling av kommunalt arkivtilfang vart etablert av ABM-utvikling i september 2008. Gruppa skulle ha fokus på møtebøker etter formannskap, kommunestyre og bystyre, og mellom anna kome fram til standardar og presentere god praksis. Arbeidsgruppa som la fram sin rapport 15. mai 2009, besto av representantar frå interkommunale arkivinstitusjonar, Riksarkivet, ABM-utvikling, Stiftelsen Asta og Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP). Rapporten set søkjelyset på viktige utfordringar i arbeidet med metadata knytt til digitalisering av kommunale arkiv. Ved å ta utgangspunkt i ein av dei store og viktige seriane i kommunearkiva (kommunale møtebøker), håpar ABM-utvikling at arbeidet vil stimulere til auka innsats i institusjonane når det gjeld digitalisering, slik at det kommunale arkivmaterialet kjem ut til brukarane. Det er også ABM-utviklings mål at rapporten skal

stimulere til klarare planar for tenesteutvikling i tilknytning til det digitaliserte arkivmaterialet. ABM-utvikling støtta og ein søknad frå dei interkommunale arkivinstitusjonane om å legge til rette for auka digitalisering av møtebøker i heile landet. Det er ei viktig oppfølging av rapporten. Arbeidet skal samordnast med utviklinga av Asta og Arkivportalen. Løysinga vil og leggje til rette for brukarmedverknad i arbeidet med å registrere metadata.

Utlån av e-bøker


Drammensbiblioteket fekk i 2009 350 000 av ABM-utvikling for å starte eit prøveprosjekt med digitalt utlån av e-bøker i biblioteket. I første omgang blir ordninga testa ut ved tre bibliotek i Buskerud. I starten vil Drammensbiblioteket ha eit utval på 200 norske titlar, fordelt på fag- og skjønnlitteratur. Etter at dette er prøvd ut over ein periode, vil ein prøve å lage ein nasjonal portal for utlån av digitale bøker.

Digitalt fortalt presenterer
En fortelling av Trond Giske

Evig eies kun det teipte



Flott historie.
Gir Giske tre stjerner på den!

 digitalt fortalt

Felles metadatastandard for arkiv, bibliotek og museum

Ein føresetnad for nasjonale fellesløysingar i ABM-sektoren er at metadata frå mange ulike system og institusjonar kan handsamast under eitt. For å oppnå dette har det i 2009 vorte utvikla eit felles metadataformat for abm-sektoren som kan brukast til å omtale både bibliotekressursar, arkivmateriale og museumsobjekt. Det nasjonale formatet er utvikla innanfor EuropeanaLocal og inneheld all informasjonen definert i metadataformatet for Europeana (Europeana Semantic Elements (ESE)). I tillegg gjev det rom for spesifikk informasjon om stad, person og organisasjon som emne. Det er eit mål å halde det nasjonale formatet i samsvar med Europeana, men også å gjere utbetringar i tråd med røynsleane frå første versjon. Arbeidet med dette vil halde fram i 2010 og 2011.

Styrking av digital infrastruktur i abm-sektoren

I 2008 styrkte ABM-utvikling arbeidet med nasjonale fellesløysingar. Slike løysingar er naudsynte for at institusjonane skal få betre arbeidstilhøve. Det opnar og for å lage gode formidlingstenester sektorvis eller for abm-sektoren samla, jf. ABM-søk.

Dette arbeidet har halde fram i 2009. I februar opna nettstaden Digitalt fortalt, som er ein felles base for digitale forteljingar der både institusjonar og privatpersonar kan publisere sine historier. Slik er skiljet mellom institusjonane og brukarane teke bort i Digitalt fortalt.

Innhaldet i Digitalt fortalt vil etter kvart bli ko-

pla saman med innhaldet i andre nasjonale fellesløysingar som Arkivportalen og Digitalt Museum. Då vil brukarane kunne oppleve ei forteljing om ei hending og deretter sjå fleire foto, gjenstandar eller arkivdokument som fortel utdjupande om same hendinga. I 2009 vart det og utvikla ei løysing for å kunne integrere innhald i Digitalt fortalt i andre nettsider som kommunar, fylkeskommunar, institusjonar, regionale kulturnett med meir.

I mai 2009 opna Digitalt Museum. Då kom det på plass ei teknisk løysing som opna for at alle musea som har sine samlingar i Primus, på ein enkel måte kan publisere dei i Digitalt museum og gjere dei tilgjengelege i den felles nasjonale søkjetenesta der. Digitalt Museum omfattar gjenstandar og foto, og tidleg i 2010 vil og kunstgjenstandar kome med. Det vart og etablert ei løysing for å kunne hauste fotosamlingar som var registrerte i andre system som t.d. FotoStation i Digitalt Museum og vise dei der. På same vis som for Digitalt fortalt er det eit mål at eit utval av innhaldet skal kunne presenterast saumlaust i andre nettstader. ABM-utvikling støtta difor arbeidet med å utvikle ein SRU-portal slik at dette kan skje på ein god måte. Då kan t.d. ein institusjon publisere gjennom Digitalt Museum og samstundes vise egne data på sine heimesider. Slik distribuert formidling er ein viktig del av ABM-utvikling sin strategi for utvikling av digitale tenester.

Arkivportalen er på same vis som Digitalt Museum ein milepæl i arbeidet med felles infrastruktur. ABM-utvikling har delteke i referansegruppe og støtta arbeidet med midlar. Utviklinga av arkivportalen var ferdig hausten 2009 og vil bli opna tid-

leg i 2010. Då vil data frå statlege, fylkeskommunale og kommunale arkivinstusjonar kunne bli tilgjengelege for søk og formidling ein stad.

Med etablering av Digitalt fortalt, Digitalt Museum og Arkivportalen, var tre viktige milepælar nådde i arbeidet med nasjonal infrastruktur for arkiv og museum. Her er no lagt til rette for samla oversyn over innhald og tenester frå alle instusjonane i desse to sektorane. Her ligg og eit viktig grunnlag for betre tilgang og auka formidling. Denne infrastrukturen er og ei viktig plattform for eit framtidig abm-søk og overføring av data til Europeana.

ABM-søk

Arbeidet med ABM-søk starta opp med ein pilot i 2007. Denne vart presentert på ei workshop i ABM-utvikling i januar 2009. ABM-utvikling la vidare arbeid med tekniske løysingar for abm-søk på vent då digitaliseringsmeldinga knytte utviklinga til Nasjonalbiblioteket sitt arbeid med eit framtidig biblioteksøk.

I samband med arbeidet med EuropeanaLocal fekk ABM-utvikling installert ein versjon av Europeana si opne programvare EuropeanaLab. Data frå EuropeanaLocal vart førte inn i denne og ei tilpassa søkjetenestene i Europeana til norske behov. Det har gjeve spanande høve til samsøk i kjelder frå arkiv og museum. Det opnar og for analyse av metadatakvalitet og for utfordringar knytte til integrering av data frå ulike sektorar.

Biblioteksøk

Stortingsmeldinga om bibliotek og digitalisering gjorde det klart at Nasjonalbiblioteket skulle ha ei-

neansvar for utvikling av biblioteksøk. ABM-utvikling har difor ikkje arbeidd med dette i 2009.

Europeana og EuropeanaLocal

ABM-utvikling er ein av 145 kulturinstusjonar som har vore med i nettverket bak portalen Europeana. Europeana er ein felles, fleispråkleg inngang til dei europeiske abm-instusjonane. Brukaren skal kunne finne digitale objekt som filmklipp, lydopptak, foto, måleri, kart, manuskript, arkivmateriale, kunsthistoriske og arkeologiske gjenstandar. Berre ein brøkdel av dette materialet har vore tilgjengeleg for brukaren før. Europeana vart opna 20. november 2008.

EUROPEANALOCAL

ABM-utvikling er saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune partner i EuropeanaLocal. ABM-utvikling sit og i styret for prosjektet. EuropeanaLocal starta opp 1. juni 2008 og varer til juni 2011. Prosjektet har 32 partnarar frå 27 land. Regionale og lokale abm-instusjonar i desse 27 landa skal levere digitalt innhald til Europeana. ABM-utvikling har i 2009 arbeid med å leggje til rette for innhausting av data frå lokale og regionale instusjonar til Europeana. Det måtte lagast felles abm-standard (sjå ovanfor, punkt 5.3). Ein måtte og utvikle løysingar for å kunne hauste data frå Arkivportalen, Digitalt Museum og frå Digitalt fortalt. Arbeidet måtte og tilpassast regionale løysingar i Sogn og Fjordane som er partner i EuropeanaLocal. Alt dette var på plass hausten 2009. I desember 2009 vart dei første data frå Noreg levert til EuropeanaLocal som eit av dei første landa

i Europa. Det vart og gjort avtale med Sør-Trøndelag fylke om at institusjonar der skal kunne levere data til Europeana gjennom EuropeanaLocal. Arbeidet i EuropeanaLocal blir og sett i nær samanheng med ein nasjonal infrastruktur og arbeidet med ABM-søk. Prosjektet gjev svært verdfull erfaring og representerer eit viktig internasjonalt nettverk.

Abm-institusjonane og bruk av sosiale medium

Stortingsmeldinga om digitalisering av kulturarven legg vekt på nye formidlingsformer og på brukarmedverknad og dialog mellom institusjon og publikum. Museumsmeldingane er endå tydelegare på dette.

I juni 2009 leverte ei arbeidsgruppe, nedsett av ABM-utvikling, ein rapport om bruk av mobile og sosiale teknologiar i abm-institusjonane. Arbeidsgruppa var sett saman av representantar frå arkiv, bibliotek og museum, regionale kulturnett og frå ABM-utvikling. Rapporten vart lagd ut på ABM-utviklings nettsider saman med ei bloggtenestene der folk kunne kommentere innhaldet og kome med nyttige innspel. Dette fungerte godt og gav mange gode faglege innspel til det vidare arbeidet.

Hausten 2009 utvikla ABM-utvikling eit kurs i sosiale medium retta mot tilsette i abm-institusjonane. Kursopplegget er nettbasert og skal nyttast saman med samlingar og felles kursdagar. ABM-utvikling inviterte fylkeskommunane til å søkje om støtte til å skipe til slike kurs for abm-institusjonane i sine fylke. Ni fylke søkte og fekk midlar. I gjennomføringa vil dei regionale kulturnetta vere sentrale saman med mange fylkesbibliotek. Dei har er-

farings frå dette gjennom arbeidet med eit kursopplegg kalla *23 ting*. Slik kan kompetanse i biblioteksektoren kome arkiv og museum til nytte.

INFOARBEID OM DIGITALE SATSINGAR

I arbeidet med nasjonal infrastruktur og digitale tenester har informasjon til sektoren vore svært viktig. Det har skjedd gjennom reiser, foredrag, konferansar og gjennom artiklar og gode døme lyfta fram på eigne nettsider og på kulturnett.no. Ei eiga intern prosjektgruppe har òg arbeidd med å styrkje denne satsinga framover. Fokus vil bli endå sterkare retta mot oppfølging av prosjekt og om å lyfte fram arbeidet som skjer i institusjonar og på regionalt nivå. I 2009 vart det publisert 114 nyhendeartiklar som omhandlar viktige digitale abm-satsingar frå heile landet på nettstaden Kulturnett.no. Samstundes vart det publisert 90 artiklar om digitale satsingar og god digital praksis på abm-utviklings eigne nettsider. Elektronisk nyhendebrev frå Kulturnett.no vart sendt ut kvar veke til 1300 abonnentar.

Handlingsplanar for digitalt ABM i fylka

I april 2008 lyste ABM-utvikling ut ein million kroner for å få i gang planarbeid om abm-samarbeid og nettbasert formidling i to-tre fylke. Ti fylke søkte, og ABM-utvikling inngjekk til slutt samarbeidsavtale med Vestfold, Møre og Romsdal og Nordland. I januar 2009 byrja fylka kartlegging av tilfang, planar, behov, strategiar med meir i sine abm-institusjonar. Det vart gjort eit omfattande arbeid. Møre og Romsdal leverte første utkast til ferdig plan i desember 2009. Vestfold og Nordland vil ferdigstille

sine planar 2010. Arbeidet har gjeve viktige erfaringar som kan nyttast av andre fylke. På bakgrunn av erfaringane vil ABM-utvikling utvikle ei rettleiing for korleis kartlegging i eit fylke kan gjennomførast. Erfaringane viser og at arbeidet frå kartlegging til samordna plan, som er godt forankra i institusjonar og i fylka og kommunane som sentrale eigarar, er omfattande og krev målretta arbeid på ulike plan. Utvikling av gode nettverk og faglege møteplassar er og viktig. Fleire andre fylke har teke opp arbeide med regionale abm-planar på eiga hand, og mellom anna sett på arbeidet i desse tre fylka. Målet er å få til god regional samordning der abm-institusjonar, forvaltningsnivå og brukarar i fellesskap utviklar samarbeidsmodellar og gode digitale tenester og digitalt innhald.

Konsortieavtalar

Konsortieavtalar i ABM-utvikling dreier seg om framforhandling, lisensiering og administrasjon av ulike typar betalingstenester for tilgang til elektroniske ressursar, som artikkel- og referansedata-basar, e-bøker og dessutan ordbøker og leksika. I 2009 brukte ABM-utvikling 3,5 årsverk på arbeid med avtalane. 28 konsortieavtalar (96 produkt) med til saman 777 deltakarar frå 352 ulike norske institusjonar var omfatta av avtalane. Til saman administrerte ABM-utvikling avtalar for litt under 100 millionar kroner.

Kulturnett.no og regionale kulturnett

Kulturnett.no vart oppretta på initiativ frå Kulturdepartementet i 1998. Same året vart og dei første

regionale kulturnetta skipa. Kulturnett.no skal styrkje den digitale formidlinga i kulturinstitusjonane, og gje brukarane enkel tilgang til digitale kulturressursar. I Kulturnett.no finst det mellom anna 10 000 kunstverk av nolevande kunstnarar, opplysningar om over 10 000 kunstnarar og artistar, over 3000 kulturinstitusjonar og deira tenester. I tillegg finst det 2000 kulturelle nettressursar/basar. Forteljingar frå digitaltfortalt.no er også integrerte i kulturnett.no.

I 2009 vart kulturnett.no relansert med nytt design og betre funksjonar og tenester. Fokuset på digitalt innhald og digitale tenester i abm-sektoren er styrkt, og dei regionale kulturnetta er lyfta meir fram. ABM-utvikling yter fagleg hjelp og støtte til dei regionale netta og har og ansvar for fellestenester som dei regionale netta nyttar i si satsing.

Fylkeskommunane finansierer alle dei regionale kulturnetta, og samla får dei årleg tilført over 10 millionar til drift. Midlar til ulike prosjekt kjem i tillegg. Fleire kulturnett er i ferd med å utvikle seg til regionale kompetansesenter i arbeidet med digital formidling i eit abm-perspektiv. Pr. 31.12.2009 er det etablert regionale kulturnett i Akershus, Aust-Agder, Finnmark, Hedmark, Hordaland, Møre og Romsdal, Nordland, Rogaland, Sogn og Fjordane, Troms, Trøndelag (felles løyning for Nord- og Sør-Trøndelag), Vest-Agder, Vestfold og Østfold. Finnmark og Rogaland kom i 2009 og Kulturnett Troms vart relansert med nytt design og ny funksjonalitet. Det har og vore arbeidd med dette i Buskerud, Telemark, Oppland og Hedmark.

Dei regionale kulturnetta har vore svært viktige i arbeidet med å utvikle og byggje opp Digitalt for-

talt. Dei har og vore sentrale i ABM-utvikling sitt arbeid med å utvikle og få i gang kursopplegg i sosiale medium for abm-institusjonane i fylka. Regionale kulturnett samarbeider med arkiv, bibliotek, museum, historielag, slektsforeiningar med meir. Dei regionale kulturnetta ser på dette som ei hovudoppgåve og som eit viktig fundament for vidare utvikling. Dei regionale kulturnetta har uttrykt ynske om sterkare teknologisk samarbeid seg imellom. ABM-utvikling har difor sett på ei felles publiseringsløyising for dei regionale netta.

Dei to siste åra er det kome fleire nye nasjonale tenester i abm-sektoren. Døme på dette er Digitalt fortalt, Digitalt Museum, Arkivportalen, Bokhylla.no, nye nett-tenester frå universitetsmusea, Kulturminnesøk frå Riksantikvaren og etablering av Europeana. Biblioteksøk vil kome. Det er viktig at Kulturnett-arbeidet no blir vurdert på nytt i dette biletet. Ei slik vurdering vil vere ei viktig oppgåve for ABM-utvikling i 2010.

Ønskebok

Ønskebok.no er ein ny, morosam og intuitiv måte å søkje etter bøker på, basert på lesaren sine egne erfaringar og personlege val. Prosjektet vart starta opp av ABM-utvikling og lansert i 2007. Etter utlysing vart driftsansvaret for Ønskebok.no overført til Aust-Agder bibliotek- og kulturformidling i 2009.

Litteratursiden.no

ABM-utvikling sa i 2009 opp avtalen med Sølverget, Stavanger bibliotek og kulturhus om utvikling av Litteratursiden.no. Sølverget fekk ein million

kroner i støtte av ABM-utvikling i 2008 til å etablere det nasjonale, femårige prosjektet Litteratursiden.no. ABM-utvikling vurderte det slik at framdrifta i prosjektet ikkje var god nok, og sa opp avtalen etter eit halvt år. ABM-utvikling er i dialog med fleire samarbeidspartnarar om ei sterkare organisatorisk plattform for biblioteka si litteraturformidling på nett, basert på det nasjonale leseåret 2010.

Sublima

Sublima står for «SUBject tool for LIbraries, Museums and Archives». Dette er eit publiseringsverktøy for web som spesielt støttar utvikling av emneportalar. Prosjektet blir utført i samarbeid mellom Deichmanske bibliotek, Universitetsbiblioteket i Oslo, Bibliotek for medisin og helsefag og ABM-utvikling. Dei to førstnemnde har kvar sin emneportal, Detektor og SMIL, og i 2009 er det meste av arbeidet gått med til å overføre desse til Sublima-plattformen, og til å vidareutvikle og følgje opp Sublima gjennom kurs og informasjon. Sublima er fri programvare og kan brukast av alle som vil. I tillegg til Detektor og SMIL er det 2–3 andre portalar som planlegg å ta det i bruk.

Biblioteklaboratoriet

Biblioteklaboratoriet starta i 2007 og er eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling og Høgskolen i Oslo. Målet er å vere ein «sandkasse» for bibliotekarar og andre interesserte som syslar med utvikling av bibliotekdata og sosial teknologi, ein stad å utvikle tenester og løysingar på prototypenivå. Eit av måla er å bidra til utvikling av tekniske løysingar

som utnyttar biblioteka sine data på nye og betre måtar, noko som igjen skal føre til betre tenester for publikum. Prosjektideen tek utgangspunkt i nye måtar å tilby og dele informasjon på, først og fremst ved at brukarane, i større grad enn før, bidreg til innhaldsproduksjon på nettet. På biblioteklaboratoriet.no blir erfaringar presenterte og delte gjennom blogginnlegg frå prosjektgruppa, eller gjennom ein wiki. Biblioteklaboratoriet fekk 225 000 kroner i prosjektstøtte i 2009.

Pode

I 2007 lyste biblioteklaboratoriet ut ein konkurranse om beste mash-up-ide. Dette resulterte i prosjektet Pode som blir drive av Deichmanske bibliotek i Oslo og støtta av ABM-utvikling. Ideen går ut på at ein ønskjer å kople saman bibliotekdata med andre kjelder (mash-up) som for eksempel film og musikk. Dette skal føre til mellom anna rikare og meir brukarvenlege trefflistar når ein søker i bibliotek katalogen. Fase 2 av Pode fekk prosjektstøtte frå ABM-utvikling i 2009.

Nasjonalt digitalt universitetsmuseum

ABM-utvikling har vore representert i eit utval oppnemnt av Kunnskapsdepartementet om Nasjonalt digitalt universitetsmuseum. Utvalet leverte si utgreiing våren 2009.

Digitalt forsvarsmuseum

ABM-utvikling har delteke i ei arbeidsgruppe for revisjon av «Forsvarets museers program 2014». Ein sentral del av oppgåva var å leggje fram ei skisse

til korleis ein kan utvikle eit digitalt forsvarsmuseum. Rapport vart levert 20. juni 2009.

Nasjonale lisensar

Styret i ABM-utvikling sette nasjonale lisensar som første prioritert i budsjettsøknaden for 2010. Sjølv om det ikkje resulterte i noko, har ABM-utvikling likevel arbeidd vidare med dette emnet i 2009. Ei arbeidsgruppe, leia av Ingar Lomheim, vart sett ned saman med UHR/B i oktober. Ho har som hovudmål å utarbeide eit strategisk dokument med vurderingar av fordelar som slike lisensordningar har for heile sektoren under eitt, og å beskrive finansieringsmodellar og økonomiske konsekvensar for deltakarane.

ARBEIDSGRUPPA SKAL:

- synleggjere og skape forståing for at enkel og inkluderande tilgang til viktige digitale kunnskapskjelder er nødvendig for å byggje Noreg som kunnskapsnasjon
- greie ut og beskrive moglege modellar for felles nasjonal tilgang til digitale kunnskapsressursar for utdannings- og forskingssektoren i Noreg
- framvise konkrete forslag, inkl. kostnadsutrekningar som er moglege å realisere i praksis

Arbeidet er planlagt slutført tidleg i 2010. ABM-utvikling vil trykkje dokumentet saman med Kristine Abeln's rapport om nasjonale lisensar (som no ligg på ABM-utviklings heimesider) som ABM-skrift i løpet av våren.

Utdanning, forskning og livslang læring

Mål Arkiv, bibliotek og museum skal styrkjast som arenaer for og bidragsytarar til forskning, utdanning og livslang læring.

Museum og forskning

ABM-utvikling har gjennom fleire år samarbeidd med Norsk kulturråd om prosjekt med målsetjing å styrkje forskinga ved musea og stimulere til auka samhandling med institusjonar i UH-sektoren. Prosjektet «Museum og forskning» byggjer vidare på erfaringar frå prosjekt som KAFF og tilrådingane i rapporten «Museum, arkiv og samfunn. Kunnskapsbehov og utfordringer», skriven av Tone Fredriksen Ydse (2007). Refleksjonar og diskusjonar kring musea si samfunnsrolle står sentralt i satsinga.

I 2009 har prosjektet gjennomført ein pilot der utvalde miljø vart inviterte til å melde inn idear til forskingsprosjekt og samarbeidsformer med UH-sektoren. Det kom inn 25 forslag til prosjekt frå kunst- og kulturhistoriske museum, i tillegg til ulike spesial- og universitetsmuseum. Av desse vart 13 prosjekt inviterte til eit arbeidsseminar på Oscarsborg i juni. Prosjekt med museologisk karakter,

samarbeid med UH-sektoren, og prosjekt som peikte ut over ordinære museumsoppgåver, vart prioriterte. Prosjekta skulle også raskt kunne realiserast som ein ferdig forskingsartikkel. Seminardeltakarane vart inviterte til å vidareutvikle prosjektideane og til å søkje stimuleringsmidlar til det vidare arbeidet. Det er gjeve stimuleringsmidlar til sju prosjekt. Desse skal ferdigstillast for publisering i Tidsskrift for kulturforskning våren 2010. Styrking av fagfelleoffentlegheita for forskingsresultat frå musea er eit sentralt mål i prosjektet.

Nasjonal aktør for kulturarv i Den kulturelle skolesekken

ABM-utvikling har vorte utpeikt som nasjonal aktør for kulturarv i Den kulturelle skolesekken (DKS). I 2009 arrangerte ABM-utvikling konferansen Flatbrød og Sirkus, med fokus på kulturarvsproduksjonar i DKS. Dette blir eit årleg arrangement. I 2009

DIGITALT FORTALT PRESENTERER - EN FØRTELLING AV INGFRID BÆKKEN VED BERGEN BYARKIV

ARBEIDERNE — PÅ — TEATERET



«God fortelling med en fin, rødt tråd.»
- Anonym



«Interessante bilder, god fortelling.»
- Anonym

vart det lyst ut 2,4 millionar kroner til produksjonar på kulturarvfeltet i DKS i vidaregåande skolar. Det kom inn 53 søknadar til ABM-utvikling, og 23 av desse fekk tildelt midlar. ABM-utvikling deltok vidare i alle møta i Nettverk for Nasjonale Aktørar. ABM-utvikling, Scenekunstbruket og sekretariatet for DKS hadde møte med representantar for det egyptiske kulturdepartementet, kunnskapsdepartementet og andre kulturarvsaktørar i Kairo for å kartleggje potensialet for overføring av og vidare samarbeid om DKS i ein egyptisk kontekst.

KAFF-prosjektet (Kulturarv – forskning og formidling)

Det treårige KAFF-prosjektet vart avslutta i 2009. Prosjektet var eit samarbeid mellom ABM-utvikling, Norsk kulturråd og Riksantikvaren om forskning og formidling knytt til kulturarv og kulturvern. Bakgrunnen for samarbeidet var dei tre institusjonane sine felles interesser og samanfallande kunnskapsbehov innanfor temaområdet.

KAFF-prosjektet har hatt to målsetjingar:

1. Styrkje forskning: Stimulere til auka forskning og ny FOU-aktivitet innanfor kulturarvfeltet som grunnlag for kunnskapsbasert forvaltning og politikkutvikling
2. Styrkje formidling: Etablere gode formidlingsarenaer for kulturarvsforskning, og arenaer for samarbeid og samhandling, slik at kunnskap kan bli tilgjengeleg, teke i bruk og vidareutvikla.

KAFF-prosjektet har styrkt dialogen mellom FoU-miljø, Forskringsrådet og forvaltninga. Forskringsrå-

det har støtta og delteke i prosjektet sine konferansar. Forskringsrådet har også invitert prosjektet til å kome med innspel om forskingsbehov og program for forskning. Både institusjonar og studentar har gjeve tilbakemelding om at KAFF-prosjektet har formidla kunnskap om relevant forskning knytt til kulturell arv.

Sluttrapport om prosjektet peikar på aktuelle problemstillingar og forskingsbehov, og er oversendt relevante departement, Forskringsrådet og forskingsmiljø.

AKTIVITETAR I 2009:

5. mars arrangerte KAFF-prosjektet verkstaden *Kulturarv, historiebruk og formidling*

27. mai: *Konferansen Kulturarv i eit globaliseringsperspektiv*

20.–21. oktober: Avslutningskonferanse for Kaff-prosjektet

Læringsdagane

Føremålet med Læringsdagane er å vise kva som finst av læringstilbod for vaksne i Noreg, marknadsføre læring som høve til utvikling og få fleire vaksne inn på meiningsfylte læringsarenaer. Læringsdagane blir koordinerte av Vaksenopplæringsforbundet i samarbeid med ei referansegruppe. Denne er sett saman av ei rekkje aktørar som har til oppgåve å gje råd og informere og initiere aktivitet i eige miljø. Ein av desse aktørane er ABM-utvikling, som i 2009 også deltok i ei arbeidsgruppe som førebudde Læringsdagane. Læringsdagane 2009 vart arrangerte i september.

Grundtvig-programmet

Grundtvig er eit av fire sektorprogram under EU sitt store program for livslang læring (LLP). Grundtvig-programmet legg til rette for vaksne si læring gjennom eit stort mangfald av moglege brukarar, tema og arenaer for læring. Noreg deltek i LLP gjennom EØS-avtalen. ABM-utvikling deltek i det norske programutvalet for Grundtvig. Utvalet skal arbeide for å sikre best mogleg norsk deltaking i programmet, bidra til spreing av informasjon og resultat og gje råd og tilrådingar til den norske programoperatøren, Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU).

Prioritering, forvaltning og sikring av samlingar

Mål Fysiske og digitale samlingar skal forvaltast ut frå faglege retningslinjer for organisering og sikring, med tydelege prioriteringar, baserte på samarbeid og arbeidsdeling mellom institusjonane.

Utførsel og innførsel av kulturgjenstandar

Ulovleg handel med kulturgjenstandar er eit aukande problem. ABM-utvikling har dei siste åra delteke på Reiselivsmessa på Lillestrøm for å auke medvitet om regelverk knytt til utførsel og innførsel av kulturgjenstandar. Saman med Norsk ICOM, Den norske Blue Shield komiteen, Riksantikvaren, Tollregion Oslo og Akershus og Den norske UNESCO-kommisjonen informerer vi om kva folk flest bør tenkje over før dei handlar kunst og kulturgjenstandar i utlandet.

I 2009 gjennomførte Kultur- og kyrkjedepartementet ei forskriftsending i regelverket knytt til utførsel og innførsel av kulturgjenstandar. I samband med dette har ABM-utvikling arrangert ei samling med vedtaksinstitusjonane. I tillegg er det utforma nytt informasjonsmateriale, og søknads-

skjema er revidert. Både informasjonsbrosjyre, søknadsskjema og -informasjon er no tilgjengeleg på samisk og engelsk i tillegg til bokmål og nynorsk.

POLSK-NORSK SAMARBEID

ABM-utvikling og National Heritage Board i Polen samarbeidde om utforminga av ein søknad til det polsk-norske kulturutvekslingsfondet våren 2009. Søknaden vart innvilga, og det vart løyvd 1,7 millionar kroner til prosjektet «Legal and illicit trade with cultural heritage. Research and education platform of experience exchange in the field of prevention from crime against cultural heritage». I tillegg er Riksantikvaren og Polish Maritime Museum i Gdansk samarbeidspartnarar i prosjektet.

I løpet av tre arbeidsseminar og ein sluttkonferanse vil ulike spørsmål knytte til temaet ulovleg

handel med kulturminne bli belyste og diskuterte. Spørsmål knytte til lovverk, etikk og utfordringar for dei ulike styresmaktene som arbeider med dette, står sentralt. Det blir fokusert mellom anna på kunst- og kulturhistoriske, arkeologiske og marinarkeologiske kulturgjenstandar. Målet er nettverks- og kompetansebygging mellom tilsette i relevante kulturstyresmakter og -institusjonar, toll, politi og andre som arbeider med dette feltet. Det vil også bli etablert ein nettstad som mellom anna skal gje informasjon om regelverket i dei to landa og kvar ein kan finne relevant informasjon. Det skal etablerast ein eksempelbase med fotografi og mindre artiklar om ulike typar kulturgjenstandar, og ein kompetansebase med oversikt over fagpersonar og deira kunnskapsområde.

Retningslinjer for lånesamarbeid

Nye retningslinjer for fjernlån er utarbeidde av ABM-utvikling i samarbeid med ei ressursgruppe der ulike bibliotek har vore representerte. Forslaget vart sendt på open høyring med frist i desember 2009. Det kom inn 34 høyringsfråsegner. Dei nye retningslinjene er no publiserte på ABM-utvikling sine nettsider.

Transportordning

ABM-utvikling har gjennomført ei kartlegging av organiserte tenester for transport av fjernlån. Undersøkinga vart sendt til alle folke-, fylkes-, fag- og forskingsbibliotek og til Nasjonalbiblioteket. Det vil bli arbeidd vidare med resultatet av kartlegginga i 2010.

Arbeidsgruppe for innsamling i kulturhistoriske museum

Arbeidsgruppa er oppnemnd av ABM-utvikling i samarbeid med Norsk Folkemuseum og skal

- klargjere mål for innsamling til dei kulturhistoriske musea
- sjå på innsamling som ein del av den totale samlingsutviklinga og samlingsforvaltninga
- sjå på organisering av samarbeid og arbeidsdeling for å motverke dobbeltarbeid, og få eit best mogleg resultat av den samla ressursbruken
- konkretisere problemstillingar knytte til innsamling av nyare kulturhistorisk materiale
- planleggje ein workshop for å kaste lys over temaet
- ta initiativ til utarbeiding av ein publikasjon og/eller konferanse for å presentere resultat

I tillegg til dei ordinære møta har gruppa arrangert to workshops for å få innspel frå eksterne forskarar om viktige hendingar og trendar i samtida som kan ha relevans når musea gjer sine val av dokumentasjonsområde. Gruppa har arrangert eit seminar med museumsnettverka for å innehente erfaringar og synspunkt på samarbeid om innsamling og dokumentasjon. Arbeidsgruppa tek sikte på å levere rapporten sin sommaren 2010.

Privatarkiv i musea

ABM-utviklings kartlegging og statistikk viser at norske museum oppbevarer meir enn 1/4 av det som er bevart av privatarkiv i Noreg. Mykje er både utilfredsstillande sikra og lite tilgjengeleg for for-

DIGITALT FORTALT PRESENTERER

EN FORTELLING AV TORSTEIN JOHNSRUD

MEHAMN OPPRØRET

1903



FISKET HAR VÆRT ELENDIG I ÅR OG FISKERNE SKYLDER PÅ HVALFANGSTEN.

AT BESTYRELSEN PÅ HVALFABRIKKEN ER ALT ANNET ENN HVORR, GJØR IKKE SAKEN BEDRE.

I LØPET AV ET PAR HEKTISKE DØGN SKJER DET TING SOM SKAL FÅ STOR BETYDNING FOR DEN POLITISKE UTFVIKLINGEN I LANDET.

[HTTP://WWW.DIGITALFORTALT.NO](http://www.digitalfortalt.no)

digitalt fortalt

skarar og publikum. ABM-utvikling og Riksarkivaren har difor sett i gang prosjektet «Privatarkiv i musea». Det tek sikte på kvalitetsheving, standardisering og effektiv samhandling. Hovudmålet for prosjektet er å bidra til at privatarkiv i konsoliderte museum skal vere godt oppbevarte, ordna og tilgjengelege for bruk. Den regionale samhandlinga i privatarkivarbeidet byggjer på at institusjonane i eit fylke samordnar innsamlinga av arkiv (geografisk, tematisk o.l.). Denne samordninga skal også omfatte musea. Dette inneber mellom anna at musea i sine planar for samlingsforvaltning tek stilling til om dei skal samle inn privatarkiv og etter kva kriterium dette eventuelt skal skje.

I 2009 vart eit pilotprosjekt avslutta i tre fylke. Det har mellom anna blitt gjennomført tiltak for fagleg standardisering og kompetanseoppbygging. Generelt har prosjektet gjeve gode resultat i forhold til måla. Prosjektet vart derfor vidareført i to nye fylke, med oppstart hausten 2009.

Tilstandsvurdering i musea

ABM-utvikling har gjennomført ei kartlegging av tilstanden i norske museum. Kartlegginga vart avslutta i 2008, og alle fylke og institusjonar har fått rapportar undervegs i prosessen. I 2009 vart resultat publiserte i ABM-skrift #59: Vel bevart? Tilstandsvurdering av museumssamlingar. Det vart og arrangert eit seminar i tilknytning til rapporten. Sikringsmidlane vart auka med to millionar for 2010.

Institusjons- og nettverksbygging

Mål Arkiv, bibliotek og museum skal vere sterke og profesjonelle institusjonar i samarbeidande nettverk. Abm-sektoren skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement.

Privatarkivnettverk

ABM-utvikling har saman med Riksarkivaren arrangert nettverkskonferanse for fylkeskoordinerte institusjonar for privatarkiv. Gjennom prosjektet Privatarkiv i musea er det dessutan i 2009 utarbeidd planar i tre fylke for samhandling og arbeidsdeling mellom ABM-institusjonar som arbeider med privatarkiv.

Fleirkulturelt biblioteknettverk

ABM-utvikling tok initiativ til at Det fleirspråklege bibliotek etablerte eit fleirkulturelt biblioteknettverk i 2009. Formålet med nettverket er å få deltakarane til å møtast regelmessig for kunnskaps- og idéutveksling. Nettverket hadde to møte i 2009.

Vertskommunemodellen

Mange kommunar har ikkje fagutdanna bibliotek-

sjef, og/eller det faglege miljøet består av ein eller svært få personar. Gjennom eit tett samarbeid mellom fleire nabokommunar – med biblioteket i ein av kommunane som «vert» – kan desse biblioteka hjelpe kvarandre til å møte dagens og framtidens krav til utvikling av biblioteka i kunnskapssamfunnet.

Tre samarbeidsprosjekt fekk prosjektstøtte for å greie ut om samarbeid mellom fleire kommunar etter vertskommunemodellen. Desse prosjekta leverte utgreiingane sine i 2009.

Dei skulle greie ut om korleis vertskommunemodellen konkret kunne bli gjennomført i samarbeid mellom fleire kommunar. Prosjekta skulle ankrast opp til den administrative/politiske leiinga i kommunane.

Prosjekta var:

- Kommunar som inngår i Ofotbiblioteka: Narvik,

Tysfjord, Ballangen, Evenes og Tjeldsund og Hamarøy. Narvik var vertskommune.

- Sju kommunar i Sunnhordland: Kvinnherad, Bømlo, Stord, Sveio, Fitjar, Etne og Tysnes. Bømlo var vertskommune.
- Fire kommunar på Senja: Lenvik, Berg, Torsken og Tranøy. Lenvik var vertskommune.

Etter utgreiinga ville alle halde fram med biblioteksamarbeid, men berre Senja-kommunane ville prøve seg med samarbeid etter vertskommunemodellen.

Museumsreforma

I august 2009 la regjeringa fram St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling, fornying*, med ein statusrapport om museumsreforma og det nasjonale museumsnettverket. Meldinga legg vekt på det vidare arbeidet med å styrkje den faglege profilen ved musea på ei rekkje område, med utvikling av den samfunnsrolla musea har

ABM-utvikling hadde gjennom heile arbeidet med meldinga nær dialog med Kulturdepartementet, med utforming av notat på ulike tema. ABM-utvikling koordinerte ei spørjeundersøking til alle musea, museumsnettverka og fylkeskommunane. Samla gav dette eit godt bilete av dei forventningane sektorane sjølve har til vidare utvikling. I tillegg vart den årlege statistikken og rapporteringa frå musea i perioden 2001–2008 kvalitetssikra og samordna for å gje ei framstilling av utviklingstrekk i perioden.

For å skape endå meir dialog og høve til innspel

gjennomførte ABM-utvikling i januar og februar ein møteserie på vegner av Kulturdepartementet i alle fylka. Der deltok styreleiar, direktør og ein til-litsvald frå kvart museum, i tillegg til fylkeskommunen og involverte kommunar.

Stortingsmeldinga markerer at dei viktigaste strukturendringane i museumsreforma no er avklarte. ABM-utvikling har også i 2009 vore involvert i ei rekkje prosessar med konsolidering.

Ein viktig del av museumsutviklinga er investeringar i nye bygg. Søknader til Kulturdepartementet blir sende over til ABM-utvikling for museumsfagleg vurdering, og i april leverte ABM-utvikling eit innspel til departementet med vurdering av elleve investeringssøknader.

ABM-utvikling arrangerte i november den årlege, todagars abm-konferansen med om lag 300 deltakarar. Andre dagen på konferansen vart brukt til ein gjennomgang av museumsmeldinga og oppfølging av denne.

Ei viktig målgruppe i oppfølgingsarbeidet er leiarane ved musea. ABM-utvikling har ein god dialog med Noregs museumsforbund/seksjon for museumsleiing, og støtta seksjonen sitt seminar om museumsleiing, medarbeidarskap og merkevarebygging i september.

Museumsnettverka

Dei faglege museumsnettverka er viktige i museumsutviklinga, noko som også blir understreka i museumsmeldinga. ABM-utvikling har ei koordinerande rolle, og skal i oppfølging av museumsmeldinga gjennomføre ei evaluering av talet på nett-

verk og tema, og dessutan sjå på tilrettelegging av det vidare arbeidet.

ABM-utvikling arrangerte eit seminar for dei nettverksansvarlege musea på Norsk Folkemuseum i november. Temaet var «Nettverkas rolle i samhandling og arbeidsdeling ved innsamling i kulturhistoriske museum».

DESSE 24 NETTVERKA VAR MED I 2009:

Arbeidarkultur

Bergkunst

Bergverk

Botaniske hagar

Bygg

Drakt og tekstil

Fiskeri- og kystkultur

Handverk

Herregardar

Kulturlandskap

Kunst

Kvinnehistorie

Landbruk

Litteratur

Luftfart

Magasin og bevaring

Medisinsk historie

Minoritetar og kulturelt mangfald

Musikk og musikkinstrument

Samisk kultur

Samtid

Sjøfart

Skog

Teknologi- og industrihistorie

I tillegg er det tre abm-nettverk:

Fotografi

Universell utforming

Lokalhistorie

Arbeid med bibliotekmeldinga

St.meld. nr 23 (2008–2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* vart lagd fram 17. april 2009. Meldinga legg vekt på å vidareutvikle biblioteka som møtestader for kultur og læring, tilby brukarane nye digitale tenester og stimulere til samordning og samarbeid om bibliotek lokalt, regionalt og nasjonalt.

I arbeidet fram mot meldinga hadde ABM-utvikling god kontakt med Kulturdepartementet, med utforming av notat på dei ulike tema og mykje bruk av statistikk som grunnlagsmateriale i tillegg til rapporten Bibliotekreform 2014.

Etter at stortingsmeldinga vart lagd fram, har ABM-utvikling arbeidd vidare med fleire av tiltaka som er nemnde i meldinga. Det er sett i gang arbeid med samarbeidsplanar mellom kommunale bibliotek etter vertskommunemodellen, kartlagt behov for kompetanse i fag- og folkebibliotek og foreslått og hatt på høyring kvalitetsindikatorar for både fag- og folkebibliotek. Det er no slutført kontraktar med lokale folkebibliotek om bibliotektenester i alle fengsel, og det er utarbeidd nye felles retningslinjer for lånesamarbeid mellom bibliotek.

ABM-utvikling har levert fleire notat til satsinga på Nasjonalt leseår 2010 og har delteke på mange møte og konferansar om bibliotek og lesing. Vi har arbeidd med digital kompetanseheving i folkebi-

bliotek, og har saman med UHR/B sett ned eit utval som skal utarbeide eit strategisk dokument om nasjonale lisensordningar.

Vidare har vi teke initiativ til å styrkje tilbodet om dataspel i biblioteka, og i samarbeid med Norsk Kulturråd spreidd kunnskap om innkjøpsordningane for bibliotektilsette.

Sektorsamarbeid om kystkultur

ABM-utvikling vidareførte i 2009 sektorsamarbeidet om kystkultur med Riksantikvaren, Kystverket og Fiskeridirektoratet. Samarbeidet er nedfelt i ein felles handlingsplan som er forankra i Miljøverndepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Kulturdepartementet, i tillegg til museumsnettverka for fiskeri- og kystkultur, fyr og sjøfart.

Ein viktig del av arbeidet er arrangering av ein årleg, nasjonal kystkulturkonferanse. I 2009 vart denne gjennomført i Oslofjorden og Fredrikstad, med om lag 140 deltakarar. I samband med arrangementet vart toktet med M/S «Gamle Oksøy» opna av fiskeri- og kystministeren, som ei satsing i Kulturminneåret med utstillingar om bord og lokale arrangement langs heile kysten.

Ei særleg utfordring for ABM-utvikling er aktivisering og bruk av museumsnettverka inn i kystkulturprosjekta. Det er etablert eit nært samarbeid mellom nettverka og dei fire etatane. Hovudsatsinga er ein serie forteljingar i hefteform, «Fortellinger om Kyst-Norge», der ulike tema av kystkulturen blir skildra både i eit historisk og moderne perspektiv. Museumsnettverka, med Museum Vest i spissen, står for produksjon og utgjeving av hefta.

Fire hefte vart produserte i 2009, og samarbeidet om «Fortellinger om Kyst-Norge» vil gå vidare fram mot 2014 med produksjon av fleire nye hefte.

EØS-finansieringsordningane

ABM-utvikling har vidareført arbeidet med å formidle informasjon om EØS-finansieringsordningane til norske institusjonar, særleg gjennom direkte kontakt med norske partnerar. Alle institusjonane frå mottakarlanda som har teke kontakt med ABM-utvikling, har fått svar eller har vortne viste vidare til ein annan relevant institusjon i Noreg.

ABM-utvikling har som tidlegare teke aktivt del i samordningsgruppa for EØS-ordningane. ABM-utvikling har òg vore fagleg rådgjevar for Kulturdepartementet, både når det gjeld formidling av erfaring med ordningane slik dei har fungert i perioden 2004–2009, og når det gjeld utforming av moglege framtidige ordningar.

Arbeidet med Polsk-norsk kulturutvekslingsfond har vore særleg sentralt i 2009. ABM-utvikling har vore med på å arrangere eit kontaktseminar for søkjarar i Krakow i oktober, i samarbeid med det norske og polske kulturdepartementet, Norsk kulturråd og Den norske ambassaden i Polen. ABM-utvikling har gjeve forprosjektstøtte til to norske partnerar til Polsk-norsk kulturutvekslingsfond. ABM-utvikling er sjølv med i eit prosjekt om ulovleg handel, og er partner i ein søknad som er til handsaming om eit prosjekt på bibliotekområdet.

Internasjonalt samarbeid

ABM-utvikling har vidareutvikla arbeidet med in-

ternasjonal verksemd i 2009. Arbeidet tek utgangspunkt i ein internasjonal strategi for internasjonal verksemd, der hovudmåla er at abm-institusjonane skal ta meir aktivt del i internasjonal verksemd og få betre internasjonal kompetanse.

ABM-utvikling har vidareført det gode samarbeidet med Riksantikvaren og Norsk kulturråd om å bidra til at norske kulturaktørar tek meir aktivt del i internasjonale prosjekt. Konferansen «Snubletråder og ledetråder. Europeiske nettverk i kultursektoren» i Oslo i oktober samla rundt seksti deltakarar frå heile kulturfeltet. I tillegg har ABM-utvikling arrangert mindre arbeidsseminar for eigne sektorar, både i samarbeid med Riksantikvaren og Kulturrådet, og åleine. ABM-utvikling var med på fagleg tilrettelegging av program for studietur til Brussel for leiarar på abm-feltet som har avslutta ABM-utvikling sitt leiarprogram.

ABM-utvikling har òg godt samarbeid med andre relevante nasjonale aktørar, og er med i nasjonale kontaktråd for EU-programma Grundtvig og CIP.

ABM-utvikling deltek sjølv i ei rekkje aktivitetar internasjonalt. Særleg kan ein nemne styringsgruppa for kulturarvssamarbeid i Austersjøområdet, der ABM-utvikling har vore med i ei årrekkje på oppdrag frå Kulturdepartementet. ABM-utvikling organiserte i 2009 – etter initiativ frå denne gruppa og som ei oppfølging av mandatet frå kulturministrane gjeve i Riga i 2008 – eit seminar støtta av Nordisk ministerråd om digitalisering av kulturarven for ekspertar frå Austersjølanda. ABM-utvikling har arbeidd aktivt for å få norske ekspertar inn i arbeidsgrupper under styringsgruppa, og

har sjølv ein representant i arbeidsgruppa for formidling av kulturarv til barn og unge.

ABM-utvikling legg vekt på å delta i internasjonale fora som eit ledd i fagleg utvikling av institusjonen. Som nemnt andre stader i årsrapporten har ABM-utvikling godt fagleg utbytte av samarbeid i EU-prosjektet EDLlocal og prosjekt med Polen støtta av Polsk-norsk kulturutvekslingsfond. ABM-utvikling tek også del i anna internasjonalt arbeid der det er aktuelt, til dømes arbeid med statistikk og standardisering, og nordisk samarbeid på bibliotekfeltet.

Fylkesfotonettverk

ABM-utvikling har dei siste åra støtta fleire prosjekt som har resultert i ulike regionale fotonettverk og -samarbeid. Målet for prosjekta har mellom anna vore å etablere varige strukturar for fotobevaringsarbeidet i dei respektive fylka, og å koordinere og standardisere digitaliseringsinnsatsen. For å samle erfaringane frå desse prosjekta inviterte ABM-utvikling regionale og nasjonale fotobevaringsaktørar til eit seminar i september 2009. Seminaret skal følgjast opp med ein beste praksis-publikasjon (ABM-skrift) i 2010/2011.

ABM-statistikk

Statistikken for 2008 vart samla inn i 2009 og omfattar for første gong alle arkivinstitusjonane i landet. Dermed vart det samla inn statistikk frå heile abm-sektoren. Statistikken vart publisert i ABM-skrift #57 Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2008.

NASJONALE INDIKATORAR FOR UNIVERSITETS- OG HØGSKOLEBIBLIOTEK

Forslag til nasjonale indikatorar for norske universitets- og høgskolebibliotek vart ferdigstilte i 2009 i samarbeid med fagmiljøa. Forslaga er lagde ut til diskusjon på blogg og sende ut i ei avgrensa høyring. Indikatorane skal reviderast ut frå høyringa, og utvalde indikatorar skal tilrådest for nasjonal samanlikning.

NASJONALE INDIKATORAR FOR FOLKEBIBLIOTEK

Forslag til nasjonale indikatorar for norske folkebibliotek er lagde ut til diskusjon på blogg og reviderte som resultat av diskusjonen. Dei er no sende ut på ei avgrensa høyring.

Forslaga til indikatorar vart presenterte på IFLAs satelittkonferanse i Firenze i 2009 «Libraries Plus. Adding value in the Cultural Community»

Leiarutvikling

20 leiarar frå abm-sektoren fullførte ABM-utviklings leiarutviklingsprogram i 2008/2009. Målet for programmet var å bidra til ansvarsfulle, resultatlystne og endringsdyktige leiarar. Programmet var bygd opp av 4 internatsamlingar à 4 dagar. Mellom samlingane vart det arbeidd med heimeoppgåver for å utvikle eige leiarskap. For å oppnå optimal læring vart det jobba i basisgrupper under heile programmet. Programmet vart gjennomført i samarbeid med Difi.

Organisering

Mål ABM-utvikling skal ha eit høgt servicenivå overfor interne og eksterne samarbeidspartnarar.

Styre og leiing

Styret i 2009 har hatt desse medlemene: Kari Gjestebý som styreleiar og Ola Stave som nestleiar. Medlemer har vore Anniken Thue, Arne Benjaminsen, Bente Andreassen, Karl Kallhovd, Ranveig Låg Gausdal og Tone Moseid. Jens Vinvad og Espen Hernes har vore varamedlemer. Tone Moseid har hatt permisjon frå vervet i 2009 av di ho har fungert som avdelingsdirektør for Avdeling for bibliotekutvikling. Hernes har fungert som styremedlem i denne perioden.

Leikny Haga Indergaard var konstituert direktør for ABM-utvikling til Stein Slyngstad vart tilsett i desember 2009.

Forvaltingsoppgåver

ABM-utvikling har ei rekkje forvaltingsoppgåver og brukar fleire årsverk på dette.

På bibliotekområdet er rådgjeving om Lov om folkebibliotek ei viktig oppgåve, særleg er handhe-

ving av § 5 i biblioteklovmed søknader frå kommunar om dispensasjon frå kravet om fagutdanna biblioteksjef ei krevjande oppgåve. Mellombels tilsette biblioteksjefar utan fagutdanning må gjennomføre eit utdanningsopplegg i løpet av dei to første åra, og dei som får fast dispensasjon, må gjennomføre eit større utdanningsopplegg.

Departementet har delegert til ABM-utvikling å handtere faste driftstilskot for om lag 78 millionar til ulike aktørar innanfor heile abm-området.

ABM-utvikling har eit forvaltingsansvar for å inngå avtalar med lokale folkebibliotek om drift av fengselsbibliotek og fordele dei statlege løyvingane til fengselsbiblioteka. ABM-utvikling held og kontakt med kriminalomsorga og fengselsbibliotekarane.

På museumsområdet er det ei rekkje forvaltingsoppgåver. Rapportering og budsjettsøknader frå musea til Kulturdepartementet går gjennom ABM-utvikling, som er fagleg rådgjevar.

ABM-utvikling forvaltar den statlege tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Her kan musea søkje om midlar og få dekt inntil 60 % av kostnadene til førebyggjande tiltak knytte til brann, tjuveri og naturkatastrofar. ABM-utvikling brukar eit fast, rådgjevande utval i arbeidet. Den økonomiske ramma for 2009 var på 7,1 mill. kr. Desse vert fordelte på 22 tiltak.

I tillegg førebur ABM-utvikling søknader om statleg forsikring for lån av utstillingar frå utlandet.

Utvikling og innsamling av statistikk er ei forvaltingsoppgåve ABM-utvikling brukar mykje ressursar på. Statistikken gjeld både arkiv, bibliotek og museumsområdet. Bibliotekstatistikk er lovpålagd og heng mellom anna saman med utbetaling av forfattarvederlag. ABM-utvikling samlar inn og publiserer statistikk for museum, arkiv, fagbibliotek, fylkesbibliotek, folkebibliotek, skolebibliotek i grunnskolen og vidaregåande skole. Statistikken blir publisert både i trykt form og på web.

Likestilling

ARBEID FOR LIKESTILLING – ABM-UTVIKLING SOM ARBEIDSGJEVAR

Den 31. desember 2009 hadde ABM-utvikling 43 kvinnelege og 27 mannlege tilsette i faste og lengre mellombelse stillingar. Tabellen nedanfor viser prosentvis fordeling av kvinner og menn fordelt på leiarstillingar, andre stillingar, stillingsdel og gjennomsnittsløn. Det var tilsett 70 personar i faste stillingar og langvarige mellombelse stillingar. Fire kvinner hadde 90, 80, 80 og 50 % stilling, og ein

mann hadde 80 % stilling. Ingen i leiande stillingar hadde redusert stillingsdel. Inkludert i tala er også tre personar som er tilsette på spesialoppdrag frå KD og KUD. Desse tre personane dreg gjennomsnittleg løn til mannlege tilsette opp.

Grøn stat

ABM-utvikling har innført Grøn stat. Verksemda har gjennomført kartlegging og gjort ei vurdering av miljøpåverknaden vår frå områda energi, transport, avfall og innkjøp i 2009. ABM-utvikling har gode rutinar for handtering av innkjøp av miljømerkte produkt, sortering av avfall, transport og energiforbruk. Det er laga handlingsplan som tek hand om dei nemnde områda. ABM-utvikling har utarbeidd retningslinjer for innkjøp i verksemda og lagt vekt på mål som er nemnde i *Handlingsplan 2007–2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser*.

Kurs og konferansar i 2009

BIBLIOTEKET OG FORSKAREN: BIBLIOTEKTENESTER SOM STØTTE I FORSKING

Vinterkonferansen for fag- og forskingsbibliotek. (Oslo 27.1. I samarbeid med Universitets- og høgskolerådet og Nasjonalbiblioteket)

KURS I DIGITALT FORTALT

ABM-utvikling har i løpet av 2009 arrangert 23 kurs i å lage digitale forteljingar for Digitalt fortalt. Kursa har hatt 400 deltakarar over heile landet. (Første kurs vart halde i Drammen 17.2.)

PÅ RETT HYLLE – DAGSEMINAR OM OPPHAVSRETT

Tre seminar om opphavsrett i abm-sektoren. (Trondheim 26.2, Kristiansand 18.2, Bergen 12.2. I samarbeid med Nasjonalbiblioteket.)

«I FORMIDLINGENS PORTROM»

Konferansen tok opp temaet litteraturformidling frå fleire sider. Formidling i spennet mellom danning og underhaldning, formidling knytt til majoritets- og minoritetsspørsmål, formidling og det digitale og det fysiske rommet som inngang til formidling. (Oslo, 5.3–6.3. I samarbeid mellom Norsk bibliotekforening, ABM-utvikling og Høgskolen i Oslo).

4. NORSKE ARKIVMØTE

Det norske arkivmøtet er ein samlande møteplass for arkivfolk, og blir arrangert annakvart år. (Bergen, 20.4–22.4. Samarbeid mellom Riksarkivaren, ABM-utvikling, Landslaget for lokal- og privatarkiv LLP, Norsk arkivråd, Kommunalt arkivfaglig forum (KAFF)).

I VEKTLAUS TILSTAND – KONFERANSE OM KONSORTIEAVTALAR

Dette er ein årleg konferanse der det blir presentert eit vidt spekter av tema med relevans for arbeid med elektroniske ressursar. (Oslo, 6.5–7.5)

KYSTKULTURKONFERANSE I OSLOFJORDEN

Konferansen hadde to hovudtema: Det første var forteljingar om Kyst-Noreg, eit samarbeid mellom direktorata og dei tre maritime museumsnettverka. Den andre var Oslofjord-regionen (Oslo – Fredrikstad, 12.5–14.5. I samarbeid med Riksantikvaren, Fiskeridirektoratet og Kystverket).

FOTO TIL FOLKET! – DET DIGITALE SAMFUNNS-OPPDRAGET (LANDSKONFERANSE FOTOBEBARING)

Todayars konferanse for tilsette i abm-sektoren og andre som jobbar med bevaring, formidling, digitalisering m.m. av kulturhistoriske fotografi. Møteplass, fagleg oppdatering, diskusjon, inspirasjon

m.m. (Balestrand, 12.5–13.5. I samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane)

«DET ER SANT - HVERT EVIG ORD»

Bibliotekseminar under Norsk Litteraturfestival på Lillehammer (Lillehammer, 27.–28.05. I samarbeid med Oppland fylkesbibliotek og Norsk bibliotekforening).

MALRAUX SEMINAR – NEW INSIGHTS ON THE ARCHITECTURE OF MUSEUMS AND THEIR COLLECTIONS

ABM-utvikling arrangerte i samarbeid med den franske ambassaden seminar om museum og arkitektur. Initiativtakarar var kulturministrane i Noreg og Frankrike. (Oslo, 11.06. I samarbeid med Den franske ambassaden)

EMNEBASERTE PORTALAR MED SUBLIMA-KURS

Sublima (Subject Tool for Libraries, Museums and Archives) er eit ope kjeldekodeverktøy for å utvikle portalar med emnebasert gjenfinning av internettressursar. Den 9. september arrangerte ABM-utvikling kurs i bruk av Sublima, primært retta mot redaktørar/administratorar av portalar der det er aktuelt å bruke verktøyet. (Oslo, 09.09)

TROLLKRITTET – KONFERANSE OM BARN OG KULTUR

Målet med konferansen var å bidra til å skape auka interesse og forståing for barn og deira behov gjennom konkrete eksempel. Konferansen skulle i tillegg stimulere til at det blir utvikla gode arenaer for kulturformidling til barn. (Oslo, 16.–17.09. Samar-

beid mellom Vestfold fylkesbibliotek, Tønsberg og Nøtterøy bibliotek, ABM-utvikling, Høgskolen i Oslo, avdeling for journalistikk, bibliotek- og informasjonsfag)

DIGITALE FORTELJINGAR I ARKIVA

ABM-utvikling inviterte dei norske arkivinstitusjonane til inspirasjons- og arbeidsseminar i Digitalt fortalt. Målet var å inspirere arkivsektoren til å produsere digitale forteljingar som skulle leggjast ut på www.digitaltfortalt.no. Ca. tretti deltakarar frå heile landet laga kvar si digitale forteljing på seminara. (Oslo, 16.–17.09 og 21.–22.10)

FLATBRØD OG SIRKUS – KULTURARVENS MANGE MOGLEGHEITER I DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

ABM-utvikling inviterte til eit inspirasjonseminar for alle som arbeider med kulturarvsfeltet innanfor DKS. Målet var å bli inspirert, utveksle erfaringar og kome med innspel til korleis feltet kunne styrkjast. (Oslo, 01.09)

«LEDETRÅDER OG SNUBLETRÅDER.» KONFERANSE OM EUROPEISKE NETTVERK I KULTURSEKTOREN

Gode nettverk er ein føresetnad for å lykkast i europeisk samarbeid. Målet med konferansen var å oppmuntre norske kulturaktørar til å ta i bruk europeiske nettverk. Erfarne nettverksspelarar og finansieringseksperter frå mange kulturområde ville saman med deltakarane gjere konferansen til eit nettverkstreff i seg sjølv. (Oslo, 28.08. I samarbeid med Norsk kulturråd og Riksantikvaren)

BIBLIOTEKLEIARKONFERANSEN 2009

ABM-utviklings årlege konferanse for bibliotekleiarar og bibliotekeigarar (Oslo, 12.–13.10).

SAMFUNN I ENDRING – KULTURARVENS BETYDNING II. KAFF-KONFERANSEN

KAFF er eit prosjekt om forskning og formidling knytt til kulturarv og kulturvern. Dette samarbeidet skal gje grunnlag for debatt og bidra til fornying av praksis innanfor det samla kulturvernet. Dei samarbeidande institusjonane har store felles interesser og samanfallande kunnskapsbehov innanfor temaområdet samtidig som dei har forskjellige ansvarsområde og dermed ulike innfallsvinklar til temaet. (Lillehammer, 20.–21.10. I samarbeid med Norsk kulturråd og Riksantikvaren).

TID FOR LÆRING

Konferansen Tid for læring markerte avslutninga på Læringsdagane for vaksne. (Oslo, 23.10. I samarbeid med bl.a. Vaksenopplæringsforbundet)

ORDTAK 09

Om møte- og marknadsplass for litteratur og litteraturformidling. (Oslo, 28.–19.10. I samarbeid med Norsk bibliotekforening og Litteraturbruket)

SKRIVEKURS FOR ARKIVFOLK

Workshop med Merete Morken Andersen i kunsten å skrive gode tekstar i formidling av arkiv (Oslo, 29.–30.10. I samarbeid med Formidlingsnett – nasjonalt nettverk for arkivformidling).

KURS I SIKRING AV MUSEUMSSAMLINGAR

Sikringskurset fokuserte på brann og tjuverisikring, og på utarbeiding av sikringsplanar (Oslo, 29.–30.10).

SLEPP SAMLINGANE FRI - SLEPP BRUKARANE TIL!

ABM-KONFERANSEN 2009

Tema for dei to konferansedagane på ABM-konferansen var «Digitalisering – på brukarane si side» og «Framtidas museum - signal, reaksjonar, konsekvensar». (Oslo, 2.–3.11)

SEMINAR OM IDRETTSARKIV

Med seminaret ønskte ein å opne for ein debatt om verdien av å ta vare på idrettsarkiva, kva ein bør ta vare på og korleis ein bør gå fram for å sikre idrettsarkiva og gjere desse tilgjengelege som kjelder. (Oslo 04.11. I samarbeid med Arkivarforeningen)

IKKE BARE SKJØNT – INNKJØPSORDNINGANE FOR SAKPROSA OG KULTURTIDSSKRIFT

Hausten 2009 samarbeidde ABM-utvikling med Norsk Kulturråd, Norsk faglitterær forfatter- og oversetjarforeining og Norsk tidsskriftforeining om ei seminarrekke for å spreie kunnskap om innkjøpsordningane og formidlinga av sakprosa og tidsskrift. I tilknytning til desse seminara arrangerte folkebibliotek opne arrangement på kveldstid, der forfattarar av sakprosa og tidsskriftartiklar hadde presentasjonar. Byane som vart vitja, var Tromsø, Bergen, Trondheim, Kristiansand, Stavanger, Oslo og Drammen.

ARKIVDAGEN 2009

Tema for Arkivdagen 2009 var kulturminne frå dagleglivet. Frå Farsund til Lakselv gjekk 42 arkiv-institusjonar, museum og foreiningar saman om å lage 24 arrangement. ABM-utvikling hadde koordineringsansvaret, sjå pkt. 4.6 (Heile landet, 14.11.)

NASJONAL SPELDAG

Laurdag 14. november vart nasjonal speldag arrangert for første gong i Noreg. 51 bibliotek deltok (Heile landet, 14.11).

KONTAKTMØTE MED UH-BIBLIOTEK

Årleg kontaktmøte mellom universitets- og høgskolebiblioteka (I samarbeid med Nasjonalbiblioteket. Oslo, 19.11)

DIGITAL FORMIDLING I MUSEUM

(Oslo, 20.11. I samarbeid med Høgskolen i Oslo)

EUROPEISKE STØTTEORDNINGAR FOR MUSEUM – ARBEIDSSEMINAR

Fleire museum har etterlyst eit arbeidsseminar for å få konkret informasjon om og rettleiing for å søkje om midlar frå europeiske ordningar. Dette arbeidsseminaret var retta mot alle museum som er interesserte i å vidareutvikle internasjonalt samarbeid på europeisk nivå. (Oslo, 11.12. I samarbeid med Kulturrådet)

Kommunikasjon

ABM-utvikling.no

Nettsidene til ABM-utvikling er den viktigaste kommunikasjonskanalen for ABM-utvikling. Nettsida inneheld informasjon om ABM-utvikling, konferansar, publikasjonar og annan relevant informasjon for abm-sektoren. I 2009 hadde nettstaden nesten 150 000 besøk. Dette er ein auke på 6,43 % i høve til året før. Til saman såg dei besøkjande på cirka 480 000 sider, eit snitt på 3,4 sidevisningar kvar.


ABM-blogg.no

ABM-blogg.no vart lansert 17. april 2009. Bloggen skulle stimulere til samtale om utviklinga av abm-sektoren og dei tre stortingsmeldingane om bibliotek, digitalisering og museum. Samtidig var meininga å teste ut korleis sosiale teknologiar aktivt kan brukast til å fornye dei offentlege tenestene. Bloggarane var tilsette i ABM-utvikling som kommenterte, utdjupa og viste relevante eksempel på tema, forslag og utfordringar som vart reiste i dei tre stortingsmeldingane. Målgruppa var tilsette i arkiv, bibliotek og museum, kulturpolitikarar, utdanningssektoren, journalistar og andre kulturinteresserte.

ABM-blogg var eit prøveprosjekt, og aktiviteten var høg dei to månadene bloggen var aktiv. Til saman 30 innlegg vart skrivne. Desse genererte 24 lesarkommentarar, mest frå folk i abm-sektoren. Trafikkanalysen kom ikkje i gang før etter to veker, men viser rundt 150 besøk kvar dag i perioden det kom nye innlegg.

ABM-skrift

Det vart gjeve ut ni ABM-skrift i 2009. Skriftserien blir automatisk send ut til arkiv-, bibliotek- og museumsinstitusjonar. I tillegg abonnerer cirka 400 personar og institusjonar på serien. Alle skrifter ligg og fritt tilgjengelege på www.abm-utvikling.no



ABM-SKRIFT #52: Forsikring av museumsvirksomhet. Av Niels Georg Beer Holm For målet med denne publikasjonen var å gje ei oversikt over dei viktigaste prinsippa som er knytte til forsikringsavtalelova,

og sjå dette i samanheng med verksemda til musea og dei behov som knyter seg til denne aktiviteten.

ABM-SKRIFT #53: Katalogdata. Juridiske problemstillingar knytte til eigarskap og produksjon. Av Vebjørn Søndersrød Dette ABM-skriftet greier ut om dei juridiske problemstillingane knytte til eigarskap til katalogdata. Rapporten skisserer eksisterande forretningsmodellar og deira konsekvens for eigarskapen til katalogar og katalogpostar og i kva grad katalogar/katalogpostar har opphavsrettsleg vern. Vidare diskuterer det eigarskap til katalog og katalogdata i ei felles nasjonal løysing.



ABM-SKRIFT #54: Se på – ta på – høre på. Om tilgjengelighet og formidling. Erfaringer fra Bergen byarkiv Dette skriftet er delt i tre delar. Den første delen er ei generell rettleiing i tilgjengearbeid for arkiv. Den andre

delen tek for seg kva ein skal tenkje på frå smått til stort når ein skal i gang med utstillingar som skal vere tilrettelagde for funksjonshemma. Den tredje delen er ein gjennomgang av ei konkret utstilling, og vurderer tiltaka som vart gjorde hos Bergen byarkiv.

ABM-SKRIFT #55: Digitalisering av fotosamlinger. Av Hege Oulie I 2003 ga ABM-utvikling ut ABM-skript #1 «Digitalisering av fotosamlinger». Sidan den gong har både sektoren, teknologien og åtferd og forventningar hos brukarane utvikla seg. Derfor har ABM-utvikling valt å revidere skriftet. Målet med denne rettleiinga er å sikre kvalitet og standardisering i digitaliseringsarbeidet. Skriftet tek opp konkrete problemstillingar knytte til møtet mellom ny teknologi og eldre fotografisk materiale. Hovudvekta er lagd på planlegging og praktisk gjennomføring av digitaliseringsprosjekt. Det er utarbeidd faglege retningslinjer for arbeidet, og det blir foreslått standardar for digitale bruks- og sikringskopiar.

ABM-SKRIFT #56: Kompetanseutvikling i bibliotek. Rammer og prioriteringer Då ABM-utvikling la fram bibliotekutgreiinga hausten 2006, var kom-

petanseutvikling eit av tre store målområde. Innholdet i dette ABM-skriptet handlar om kompetanseutvikling: føresetnader og behov, former for kompetanseutvikling, ansvarsfordeling, verkemiddel og prioriterte område.

ABM-SKRIFT #57: Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2008 Publikasjonen inneheld statistikk frå arkiv, folkebibliotek, fengselsbibliotek, bibliotek i grunn- og vidaregåande skole, fag- og forskingsbibliotek og museum. Til saman femner statistikken over meir enn 4500 einingar eller sørvistader.

ABM-SKRIFT #58: Innkjøpsordningene – en sterk kulturpolitikk

Denne publikasjonen fokuserer på innkjøpsordningane. Formålet med skriftet er todelt. Dels skal det betre kunnskapen om innkjøpsordningane blant biblioteksektoren sine eigne representantar; korleis ordningane er meinte å verke og korfor dei i det heile teke er til. Dels skal skriftet inspirere til spanande og god formidling i førebuingane til det nasjonale leseåret 2010, der biblioteka vil stå sentralt i det arbeidet som skal gjerast.



ABM-SKRIFT #59: Vel Bevert? Tilstandsvurdering av museumssamlinger «Vel Bevert?» er slutt-rapporten frå prosjektet «Tilstandsregistrering av museumssamlinger». Målet med prosjektet var å

gje ei oversikt over samlingsforvaltinga ved musea. Prosjektet var meint å gje kunnskap som fundament for framtidige lokale, regionale og nasjonale strategiar og museumstiltak. Gjennom synfaringar og innsamling av opplysningar har ein òg prøvd å kartleggje trongen for nye magasin/fellesmagasin og trongen for konserveringstenester i kvart fylke.



ABM-SKRIFT #60: Fragmentering eller fellesløsning? Organisering av norsk bibliografisk produksjon. Av Unni Knutsen Det er eit aukande behov for samarbeid og gjenbruk av katalogdata både på nasjonalt

og internasjonalt nivå. Det er ønskeleg med effektiv produksjon av data med høg kvalitet. Målet er at eit dokument skal katalogiserast ein gong, og at desse metadata skal gjerast tilgjengelege for alle bibliotek. Dette vil kunne resultere i monaleg effektivisering og dermed frigjere ressursar i biblioteka. ABM-utvikling initierte derfor prosjektet «Effektiv nasjonal bibliografisk produksjon» i 2008. ABM-skript #60 er den andre i dette prosjektet.

ABM-magasinet

Det kom ut eitt ABM-magasin i 2009 før det vart lagt ned. Magasinet vart sendt ut til alle arkiv-, bibliotek- og museumsinstitusjonar i Noreg. I tillegg hadde det i overkant av 1300 abonnentar.

ABM 1/09

Digitale forteljingar
Forventingar til bibliotekmeldinga
Folk i ei krigstid
Altmoglemannen på Maihaugen
Samarbeidsprosjekt i Aserbajdsjan



Nyhendebrev frå ABM-utvikling

ABM-gjev ut eit elektronisk nyhendebrev. I 2009 kom det ut med elleve utgåver. Per 31.12.2009 hadde nyhendebrevet 883 abonnentar.

SPLQ (Scandinavian Public Library Quarterly)

SPLQ er eit engelskspråkleg tidsskrift som presenterer utviklingstrekk, tendensar og strategiar i den skandinaviske folkebiblioteksektoren. Hovudmålgruppa er den engelsktalende bibliotekverda, men SPLQ er også interessant for alle som vil halde seg orienterte om bibliotekutviklinga i Skandinavia.

Tidsskriftet kjem ut fire gonger i året og er eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling og dei statlege folkebibliotekinstitusjonane i Danmark, Sverige og Finland, som alle bidreg med representantar i redaksjonskomiteen. Hovudredaktøransvaret går på rundgang mellom landa. For femårsperioden 2007 – 2012 er det Undervisningsministeriet i Finland som har hovudredaktøransvaret.

Det kom ut fire nummer av SPLQ i 2009.

Tildeling av prosjektmidler

Kto.

Regnskap 2009

KAP. 325 POST 73 PROSJEKT- OG UTVIKLINGSTILTAK

7311	Fellesprosjekt for heile ABM-sektoren	5 040 419
7314	Prosjekt for arkiv og museum	770 000
7316	Prosjekt for arkivsektoren	5 749 510
7317	Prosjekt for biblioteksektoren	4 821 550
7318	Prosjekt for museumssektoren	10 520 521
Sum prosjektmidler kap. 325, post 73		26 902 000

I tillegg vart det rekneskapsført kostnader til ulike prosjekt- og utviklingstiltak i driftsrekneskapen post 01 på til saman 9 104 539 kr.

Bruk av prosjektmidler 2009

LÆRING, KUNNSKAPS- OG KULTURFORMIDLING

Søker	Prosjekt	Tildelt kr
Årran- lulesamisk senter	Arbeidsseminar i forbindelse med ny utstilling	90 000
Bibliotek og byarkiv i Tromsø	Utvikling av et «Eplebibliotek»	200 000
Buskerud fylkesbibliotek	Ung 3.o. Ungdom og medieliv 2009	70 000
Deichmanske bibliotek	Pendlerbiblioteket - Norgesbiblioteket	250 000
Foreningen les!	Les for meg, pappa!	400 000
Fylkesarkivet for Vestfold	Ungdom på nett! - et tidsbilde	75 000
Glomdalsmuseet	Romanifolkets/taternes kulturminner	200 000
Hardanger Fartøyvernssenter	Fartøyvern på museum	100 000
Haugalandmuseene	Fra havn til havn - til sjøs med romanifolket	100 000
Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo	Om - Av - For mangfoldige museumsbrukere	250 000
Kvinnemuseet - Museene i Glåmdal	Dokument hundre kvinner	150 000
Landslaget for lokal- og privatarkiv	Minoriteter i offentlige arkiver - en undersøkelse	500 000
Leser søker bok	Bok til alle i fengslene	300 000

Naturhistorisk museum, UiO	Kan vi tilgi Darwin?	200 000
Norges museumsforbund, Seksjon for formidling	Some like it Hot! – formidling av aktuelle tema	50 000
Norsk Lydarkiv	Norsk Lydarkiv - konferanse 2009	20 000
Oppland fylkesbibliotek	Bibliotekseminar / Norsk Litteraturfestival	35 000
Opplandsarkivet avd. Maihaugen	Arkivdokumentasjon av nyere innvandring til Oppland	550 000
Oslo Museum	Kunsten å være homo	200 000
RiddoDuottarMuseat	Mangfold og kultur i Sapmi	200 000
Stiftelsen Saemien Sijte	Samisk ungdom	85 000
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Kultimathule (tidl. ABM-satsing i Kulturbunker Dora)	1 000 000
Østfold fylkesbibliotek	En smak av web	40 000

UTVIKLING AV DIGITALT INNHOLD OG TJENESTER

Søker	Prosjekt	Tildelt kr
Arkivnett Oppland	Samferdselshistorie i Oppland	350 000
Biblioteksystem-leverandørene i Norge	Felles lånekort versjon 2	153 000
Buskerud fylkesbibliotek	Nasjonal portal for utlån av ebøker	350 000
De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum	SLUSKEN FORTEL	200 000
Deichmanske bibliotek	Pode versjon 2	300 000
Deichmanske bibliotek	Biblioteksvar	1 800 000
Deichmanske bibliotek	Emneordportal. Kurs i bruk	30 000
Drammens Museum	Digitalt fortalt	80 000
Fylkesarkivet for Vestfold	Drifter og bedrifter	70 000
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	Møtebøker på nett	300 000
Haugalandmuseene	Formidling av de båtreisendes kultur og historie	50 000
Haugalandmuseene	Stemmer fra øst – digitalt fortalt	30 000
Helgeland Museum	Av utenlandsk opprinnelse og Krigsbarn	30 000
Høgskolen i Oslo	Biblioteklaboratoriet	225 000
Kristiansand folkebibliotek	Digitale bilder i Vest-Agder	320 000
Kultur- og idrett -avdelinga Hordaland fylkeskommune	Nettbasert kulturformidling Hordaland	300 000
Kunstnernes Informasjonskontor	«Get a kick out of KIK»	150 000
Maihaugen og Norsk folkemuseum	digitalmuseum.no	960 000

Maihaugen og Norsk Folkemuseum	DIMU GateWay	600 000
Museum Vest	Barn og krig – hovedprosjekt	200 000
Museum Vest	Digitale fortellinger fra Telavåg	45 000
Museumssenteret i Hordaland	En ny arbeidsdag – digitale fortellinger	290 000
Namdal Fylkesmuseum IKS	Fortellinger fra kysten	24 000
Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design	Nettversjon av Norsk Kunstnerleksikon	1 032 000
Nordland fylkesbibliotek	Skrivebua som delprosjekt i Norsk digitalt bibliotek + (rettelse til søknad)	500 000
Norges museumsforbund	Kulturminner forteller	450 000
Norsk Folkemuseum	Fengslende fortellinger	93 000
Norsk Teknisk Museum	Uhørte stemmer og glemte steder	63 000
Nynorsk kultursentrum	Nettutstilling	100 000
Oslo kommune, Kulturetaten, Byarkivet	oslobilder.no – opplev oslohistorien på nett!	400 000
Salten Museum	Den gamle malmveien	70 000
Statens kartverk	Nasjonale karttjenester over historisk-administrat	200 000
Stiftelsen Asta	Digitaliserings/masse-registrerings og importmodul	600 000
Stiftelsen Asta	Støtte til etablering av arkivportalen.no	500 000
Sølvberget KF	Litteratursiden.no	2 000 000
Varanger museum IKS	Kvenske navn på nett og kart	50 000
Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum IKS	Mangfold: små og store fortellinger	100 000
Vest-Agder-museet IKS	«Frykten for det ukjente» + (rettelse til søknad)	100 000
Vestfold fylkesbibliotek	Norgesbiblioteket i Second Life	130 000
Vestfold fylkesbibliotek	Digitalt fortalt i Vestfold	60 000
Vestfold fylkesbibliotek	Beta-barn	100 000
Østfold fylkesbibliotek	Østfolds kulturhistorie digitalt formidlet	300 000
Østfoldmuseet	Digitale arbeidsminner fra Østfold	235 000

UTVIKLING OG SIKRING AV SAMLINGER

Søker	Prosjekt	Tildelt kr.
Maihaugen og Norsk Folkemuseum	DiMu Light (PrimusLight)	820 000
Museum Nord	Fiskeredsk. Klassifikasjon og nasjonal komparasjon	100 000

Museumssenteret i Vestfold	FODAK	500 000
Museumssenteret i Vestfold as	FLYT, Flytting, Logistikk, Ytelse, Tilgang	500 000
Naturhistorisk museum, UiO	Bevaring av utrydningstruede planter	100 000
Norsk institutt for luftforskning	Bedre beskyttelse av malerier - PROPAINT	75 000
RiddoDuottarMuseat	Samlingsforvaltning med fokus på samlingsplan	100 000
Stiklestad Nasjonale Kultursenter	Samlingsforvaltning og -formidling i Fellesmagasin	250 000

SAMHANDLING OG NYTENKING INNENFOR ORGANISASJONS- OG NETTVERKSBYGGING

Søker	Prosjekt	Tildelt kr.
Aust-Agder bibliotek og kulturformidling	Biblioskopet – nye bilder av biblioteket	500 000
Nordiske fylkesbibl. v/Vestfold fylkesbibliotek	Nordisk konferanse for fylkesbibliotek	30 000
Norsk Bergverksmuseum	Kulturvern ved bergverk 2009. Seminar på Røros	50 000
Oslo Museum avd. Interkulturelt Museum	Minoritetsrekruttering til museene	400 000
Preus museum	ABM-nettverk for fotografi	100 000
Sverresborg Trøndelag Folkemuseum	Nettverk magasin og bevaring, div. aktiviteter	75 000
Østfold fylkesbibliotek	Bibliotek som varemerke - er det mulig?	330 000

Utbetalte sikringsmidlar 2009

Kon-Tiki Museet	597 700
Bogstad Stiftelse	587 000
Oslo museum	311 800
Follo Museum	75 000
De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum	197 250
Nordenfjeldske kunstindustrimuseum	191 200
Stiftelsen Domkirkeodden	54 500
Bymuseet i Bergen	1 601 500
Haugalandmuseene	50 000
Eiker og Lågendal museum avd. Lågendalsmuseet	17 150

Stiftelsen Stabbursnes Naturhus og Museum	41 000
Telemark Museum	73 500
Hallingdal Museum	156 300
Galleri F 15 Punkt Ø	166 700
Henie Onstad Kunstsenter	368 800
RiddoDuottarMuseat	12 000
Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst	1 912 600
Helgeland Museum	80 000
Stiklestad Nasjonale Kunstsenter AS	280 000
Haugar Vestfold fylkeskommune	234 000
Nordmøre Museum	42 000
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	70 000
	7 120 000

TILSKUDD TIL PRODUKSJON AV TEGNSPRÅKBØKER PÅ DVD FOR DØVE

Søker	Prosjekt	Tildelt kr.
Møller kompetansesenter	Faktabok på tegnspråk	150 000
Møller kompetansesenter	Rampete Robin	250 000
Døves Media	Ormen i vannet	294 000

Tildeling til delegerte tiltak 2009

TILDELING TIL NASJONALT LESEÅR 2010

KAP. 325 POST 78 YMSE TILTAK

	Foreningen !Les	1 200 000	
	Asker bibliotek	80 000	
	Leser søker bok	350 000	
	Østfold fylkesbibliotek	120 000	
	Norsk Forfattersentrum	800 000	
7801	Nasjonalt leseår 2010		2 550 000
	Sum kap. 325, post 78		2 550 000

KAP. 326 POST 78 YMSE FASTE TILTAK

7811	Norsk barnebokinstitutt		6 246 000
7812	Punktskrifttrykkeriet NBF		4 621 000
7813	Tiltak døvblinde (Foreningen Norges Døvblinde)		4 276 000
7814	Videogram for døve		5 744 000
7816	Døves tidsskrift (Norges Døveforbund)		293 000
7822	Finsk bibliotekjeneste		354 000
7823	Bibliotekjeneste på Svalbard		258 000
7831	Det flerspråklige bibliotek		8 352 000
7832	Formidling av spesiallitteratur (Fjernlånssentralen)		2 050 000
7833	Nord - Sør biblioteket		429 000
7834	Bibliotekjeneste i statlige helseinstitusjoner		1 949 000
	Bastøy fengsel	581 000	
	Berg fengsel	360 000	
	Bergen fengsel	734 500	
	Bergen fengsel, Bjørgvin	564 000	
	Bodø fengsel	435 000	

Bruvold fengsel	400 000
Deichmanske bibl. Fengselstjenesten	2 224 000
Drammen fengsel	360 000
Gjøvik fengsel	405 166
Hamar fengsel	625 000
Hof fengsel	835 000
Hustad fengsel	156 000
Ila fengsel	755 000
Ilseeng fengsel	625 000
Indre Østfold fengsel	656 000
Kongsvinger fengsel	745 000
Kristiansand fengsel	360 000
Larvik fengsel	156 000
Ravneberget fengsel	255 000
Ringerike fengsel	735 000
Sandeid fengsel	156 000
Sem fengsel	566 000
Skien fengsel	519 000
Stavanger fengsel	489 000
Trondheim fengsel	745 000
Tromsø fengsel	400 000
Ullersmo fengsel	754 126
Vadsø fengsel	195 332
Verdal fengsel	625 000
Vestre Slidre fengsel	137 250
Vik fengsel	75 000
Åna fengsel	675 000
Fengselsbibliotekarmøte - Stavanger	36 626
7835 Bibliotek tjenester i fengsel	17 340 000

7851	Premiering av barne- og ungdomslitteratur	280 000
7861	Lyd- og videobokstiltak	694 000
7891	Norsk bibliotekforening	227 000
	Sum kap. 326, post 78	53 113 000

KAP. 328 POST 78 YMSE FASTE TILTAK

7811	Sikringstiltak	7 120 000
	Norges museumsforbund,	
	inkl. Museum of the year Award	1 278 000
	Tidskriftet Museumsnytt	693 000
	Norsk ICOM	216 000
	Kulturvernets fellesorganisasjon KORIG	276 000
	Norsk Folkeminnelag	76 000
	Stiftelsen Skoleskipet Christian Radich	4 154 000
	Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkühl	4 735 000
	Stiftelsen Fullriggeren Sørlandet	3 740 000
	Landslaget for lokalhistorie	321 000
	Norges Kulturvernforbund,	
	Den europeiske kulturminnedagen	327 000
	Emanuel Vigelands museum	136 000
7812	Tilskudd til organisasjonene	15 952 000
7816	Årets museum	58 000
7818	Datatjenester for kunst og kunsthistoriske museer	1 131 000
	Sum kap. 328, post 78	24 261 000

KAP. 329 POST 78 YMSE FASTE TILTAK

7811	Landslaget for lokal- og privatarkiv	211 000
	Sum kap. 329, post 78	211 000

ISBN 978-82-8105-081-5

ABM 
-utvikling
Statens senter for arkiv, bibliotek og museum